

Gloppen kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 26.11.2014

Møtestad: Gloppen heradshus, formannskapssalen

Møtetid: Kl. 09:30

Innkalling: Faste medlemar i utvalet, rådmannen i sak 025/14 og revisor i sakene 026 – 028/14

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post: arva@sekom.no
Audhild Ragni Vie Alme, mobil: 971 70 064

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Saktittel
023/14	Godkjenning av innkalling og sakliste
024/14	Skriv og meldingar
025/14	Opplæring i bruk av nettbrett for kontrollutvalet
026/14	Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014
027/14	Arbeidsmåte og innhald for overordna analyse
028/14	Prosjektplan: Kommunal saksgang og dokumenthandtering - Gloppen kommune
029/14	Oppfølgingsliste 4-2014
030/14	Eventuelt

Med helsing

Bjarne Bø
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 26.11.2014	Saksnr 023/14
------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/316
-------------------------------------------------	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 26.11.2014	Saksnr 024/14
------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 14/298
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
07.11.2014	Sak 052.14 Rapport finansområdet 1. halvår 2014, handsama i kommunestyret 25.9.2014	790
07.11.2014	Sak 053/14 Kvalitetsmelding for grunnskulane i Gloppen skuleåret 2013-14, handsama i kommunestyret 25.9.2014	791
07.11.2014	Sak 066/14 Utvida låneramme for Nordfjord Havn IKS - endring av vedtektene, handsama i kommunestyret 25.9.2014	792
07.11.2014	Sak 069/14 Rapport for 2. tertial 2014, handsama i kommunestyret 3.11.2014	793
07.11.2014	Sak 071/14 Rapport frå forvaltningsrevisjon, Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse, handsama i kommunestyret 3.11.2014	794

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert teke til orientering.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	17.09.2014	098/14
Kommunestyret	25.09.2014	052/14

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: John Morten Selsvik	Arkiv: 212	14/620-5

Rapport finansområdet 1. halvår 2014

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Orientering om status for den økonomiske drifta i Gloppen kommune dei 6 fyrste månadene i 2014.

Saksutgreiing:

Denne saka har fokus på makroøkonomien i Gloppen kommune. Tyngda av utgiftene er lønn, difor er det essensielt at desse utgiftene er under kontroll. Ei overskriding på berre 1 % vil utgjere nær 3 mill kr. på årsbasis.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen.

Saka er ei kortfatta analyse av drifta frå og med januar til og med juni 2014 og har ikkje økonomiske konsekvensar i seg sjølv.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vel å kommentere fylgjande utvalde områder.

- Låneporteføljen
- Skatteinngangen
- Statlege overføringar/rammetilskot
- Lønnsstatistikken
- Status disposisjonsfond.
- Investeringsprosjekt

Låneporteføljen

Totaloversikt alle låna til Gloppen kommune utan startlån						
	31.12.2013		30.06.2014		31.08.2014	
	Mill kroner	%	Mill kroner	%		
Lån med NIBOR/Pt rente	168	53 %	165	46 %		
Lån med fast rente	151	47 %	195	54 %		
Samla langsiktig gjeld	319	100 %	360	100 %		
Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2013 (kr tusen / %)			4 595	2,90%		
Tal løpande lån	14		16			

Største enkeltlån	108	107		
-------------------	-----	-----	--	--

Tabellen syner alle låna til Gloppen kommune pr. 31. desember 2013 og 30.juni 2014. Samla lånegjeld er no 360millionar. Husbanklåna er ikkje teke med. Utviklinga av gjeldsporteføljen er i rute med budsjettet for 2014.

Lån til investeringar i 2014 er teke opp pr. 30. juni 2014, og er med i tabellen. Låneopptaket for 2014 er vedtatt i økonomiplanen til kr 47 090 000,-.

Andelen fastrente skal, i henhold til finansreglementet, liggje på 50% av låneporteføljen. Vi ligg i dag på 54%. Låneopptaket i 2014 vart teke opp med fastrente.

Skatteinngangen

2014 Månad	Budsjett 2014 Akkumulert	Budsjett per måned	Budsjettert betalings - inngang i % akkumulert	Faktisk inngang	Faktisk inngang akkumulert	Budsjettoppnåelse i %	Avvik i høve til budsjett akkumulert
januar	14 796 000	14 796 000	12	15 359 981	15 359 981	12,46 %	563 981
februar	16 029 000	1 233 000	13	1 050 134	16 410 115	13,31 %	381 115
mars	36 990 000	20 961 000	30	20 619 007	37 029 122	30,03 %	39 122
april	38 223 000	1 233 000	31	1 645 871	38 674 993	31,37 %	451 993
mai	61 033 500	22 810 500	50	22 238 224	60 913 217	49,40 %	-120 283
juni	61 650 000	616 500	50	2 116 227	63 029 444	51,12 %	1 379 444
juli	75 213 000	13 563 000	61		63 029 444	51,12 %	-12 183 556
august	76 446 000	1 233 000	62		63 029 444	51,12 %	-13 416 556
september	98 640 000	22 194 000	80		63 029 444	51,12 %	-35 610 556
oktober	99 873 000	1 233 000	81		63 029 444	51,12 %	-36 843 556
november	122 067 000	22 194 000	99		63 029 444	51,12 %	-59 037 556
desember	123 300 000	1 233 000	100		63 029 444	51,12 %	-60 270 556

Tabellen viser skatteinngangen for dei 6 fyrste månadane i 2014. Skatteinngangen har vore om lag på prognosen/positiv fram til og med april. Skatteinngangen for mai måned vart ca kr. 600 000,- lågare enn budsjettert den månaden. I media kunne ein lese om ein større svikt i skatteinngangen. Grunnen til det er at forfallsdato for tilleggsskatt kom på ei helg, slik at innbetalinga frå dei som betalte på forfall kom månaden etter. Til og med juni ligg vi inne med ei meirinntekt ift. budsjett på nesten kr. 1,4 mill.

Statlege overføringar/rammetilskot

Statlege overføringar her under rammetilskot, vertskommunetilskot, og andre statstilskot er komen inn som budsjettert til og med juni 2014.

Lønnsstatistikken

2014 Månad	Budsjett 2014 Akkumulert	Budsjett per måned	Budsjettert betalings - inngang i % akkumulert	Samla lønnsutgift	Faktisk utgift akkumulert	Sjukeløn refusjon akumulert	Sjukeløn refusjon pr. mnd	Faktisk oppnåelse i % korrigert for refusjon	Avvik i høve til budsjett akkumulert
------------	--------------------------	--------------------	------------------------------------------------	-------------------	---------------------------	-----------------------------	---------------------------	----------------------------------------------	--------------------------------------

januar	26 901 027	26 901 027	8,98 %	27 242 158	27 242 158	-2 027 917	-2 027 917	8,42 %	-1 686 786
februar	55 000 318	28 099 291	18,36 %	28 081 228	55 323 386	-2 898 745	-870 828	17,50 %	-2 575 677
mars	81 901 344	26 901 027	27,34 %	26 207 265	81 530 651	-3 697 558	-798 813	25,98 %	-4 068 251
april	108 802 371	26 901 027	36,32 %	26 503 835	108 034 486	-4 709 078	-1 011 520	34,49 %	-5 476 963
mai	135 703 398	26 901 027	45,30 %	29 156 110	137 190 596	-6 101 634	-1 392 556	43,76 %	-4 614 436
juni	137 920 186	2 216 788	46,04 %	4 756 855	141 947 451	-7 408 516	-1 306 882	44,91 %	-3 381 251
juli	164 821 213	26 901 027	55,02 %		141 947 451	-7 408 516		44,91 %	-30 282 278
august	191 722 240	26 901 027	64 %		141 947 451	-7 408 516		44,91 %	-57 183 305
september	218 623 267	26 901 027	72,98 %		141 947 451	-7 408 516		44,91 %	-84 084 332
oktober	245 524 294	26 901 027	81,96 %		141 947 451	-7 408 516		44,91 %	-110 985 359
november	272 425 320	26 901 027	90,94 %		141 947 451	-7 408 516		44,91 %	-137 886 385
desember	299 566 000	27 140 680	100 %		141 947 451	-7 408 516		44,91 %	-165 027 065

Lønnsstatistikken til og med juni er oppdatert inkludert sjukelønnsrefusjon for juni. Statistikken viser eit mindreforbruk tom juni på 3,381 mill., etter fråtrekk frå sjukelønnsrefusjon tom juni. Normalt er sjukelønnsrefusjon på om lag 1mill kvar måned. For januar er sjukelønnsrefusjonen over 2 mill. Dette har med periodisering ved årsskifte å gjere, slik at vi har fått meir i januar 2014 enn vanleg. Om lag 1,5 mill av sjukelønnsrefusjonen har sitt grunnlag i 2013.

Sjølv om vi ser vekk frå periodisering av sjukelønnsrefusjon i januar, har vi ei solid innsparing på lønn. Dette kjem delvis av at vi ikkje har teke nok høgde for reguleringspremien frå KLP, som i år er berekna til om lag 18 mill. Pensjonstrekket er skrudd opp i forhold til forventna høgare premie, men ikkje nok når vi ser kva reguleringspremien truleg vil ligge på. Frå og med mai måned er pensjonstrekket justert ytterlegare, slik at vi skal kome i land på lønnsbudsjettet ved utgangen av året.

Dette er det store biletet som syner samla lønnsutgifter for kommunen. Avvik i den enkelte sektor fram går av tabellen under.

Sektorvis avviksstatistikk.

Avviksoversyn	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik
Lønn - Gloppen kommune	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun
Formannskapet	60	53	-177	-308	-406	-528
Oppvekstutvalet	-562	-827	-647	-376	-630	-1 322
Helse- og omsorgsutvalet	-709	-2 087	-3 208	-4 490	-3 724	-1 680
Teknisk,landbruks utvalet	-215	764	582	442	465	444
Kulturutvalet	-160	-271	-310	-334	-319	-295
Avvik	-1 586	-2 368	-3 760	-5 066	-4 614	-3 381

- Formannskapet har eit mindreforbruk på 528 tusen.
- Oppvekstutvalet har eit mindreforbruk på 1322 tusen.
- Helse og omsorg har eit mindreforbruk på 1680tusen.
- Teknisk og landbruksutvalet har eit meirforbruk på 444 tusen der brorparten skriv seg frå utbetaling av brannvern løn som vert gjort i februar og gjeld heile året.
- Kulturutvalet har eit mindreforbruk på 295 tusen.

Status disposisjonsfond

	IB	Bevegelse	UB
Art: 25601991 Disposisjonsfond	-19 105 831		
900239 2 09.04.14 4 Jfr kommunestyrevedtak bud14		3 832 000	
900240 2 09.04.14 4 Vassområde jrf budsjettvedtak		78 000	

900240	4 09.04.14	4 Idrett jrf budsjettvedtak	30 000	
900240	6 09.04.14	4 Relig førem jrf budsjettvedtak	95 000	
900241	2 09.04.14	4 jfr K-sak 13/14, fjellsikring	350 000	
900241	3 09.04.14	4 Selvågane, prosjekt 33370	1 331 000	
900242	2 09.04.14	4 Finans aksjarBreimsb skisenter	350 000	
900244	2 09.04.14	4 K-sak 16/14 planprogram	300 000	
900245	2 09.04.14	4 K-sak 14/14 sentrumsanalyse	1 000 000	
900246	2 09.04.14	4 riving slaktehus ksak 19/14	500 000	
		Oppretting av tidligare års feil	-470 000	
Vedtekene transaksjonar ikkje oppdatert i rekneskap				
Avsetning overskotet frå 2013 K-styre 30/14			-360 617	
T O T A L T			7 035 383	-12 070 448

Per 1. halvår 2014 er disposisjonsfondet redusert med 7,035mill. Sum ståande på disposisjonsfond etter utgangen av 1. halvår 2014 er kr. 12 070 448,-

Investeringsprosjekt

	Regnskap	Buds(end)
	2014	2014
Ansvar: 8000 Investering		
12050 Ikt investeringar	25 139	2 000 000
12065 Innføring av eHandel i Gloppen	32 895	-
12066 IKT standardisering maskinvare	137 238	-
12153 Vedlikehaldplan for kommunen sine bygg	-	600 000
13053 Heradshuset - oppgradering av fasade og innvendig oppgradering	336 560	1 600 000
18050 Sal av kommunale bygg	-5 400	-
18052 Fiberutbygging til kommunale einingar	319 253	2 950 000
20254 Verktøy til undervisning	296 477	900 000
22161 Oppgradering Furestubben	417 624	750 000
22268 Formingsavdeling og universell utforming GU	1 864 147	17 050 000
22281 Nærvarmeanlegg Sandane skule	184 669	330 000
22282 Hyen - Vestveggen	499 967	1 000 000
25367 Treningsutstyr og tekniske hjelpemiddel	-	400 000
25368 Ventilasjon - Kjøkkenet	12 250	1 000 000
25454 Re-tunet - Ny tørrmur	-	100 000
25455 Takoverbygg heimetenestebilane i Hyen	-	150 000
26156 Gloppen omsorgssenter - Ny sengeheis	8 715	2 000 000
26157 Gloppen omsorgssenter - oppgradering av 14 bad	123 532	-
26550 Sal av bustader	-1 310 059	-
26553 Energisparing	257 334	500 000
28350 Bustadlån - startlån	-207 463	5 000 000
31059 Nytt bustadfelt på Reed, Hetlebakkane	319 967	5 000 000
31550 Gamle bustadfelt m.M.	-3 600	-
31558 Valborgkleiva bustadfelt	-325 333	-
31560 Elveforbygging – Holvikelva, Gloppen kommune sin andel	2 600	1 100 000
31562 Fjellsikring Øyrane og Leirbrekka	-34 880	-
31563 Kommunale bustader for vanskelegstilte	-3 000 000	-
32060 Gloppenstasjonane - potensiale for auka kraftproduksjon	315 165	-
32561 Kattahamrane industriområde	-29 050	-

32562 Ny lagerhall på Kattahamrane industriområde	735 006	2 600 000
33055 Trafikktryggingstiltak	-	440 000
33364 Til fast dekke kommunale vegar	14 310	1 000 000
33365 Ny gravemaskin/hjullastar	-	2 500 000
33366 Nordstrandsvegen	46 879	2 700 000
33369 Adresser i heile kommunen	-	940 000
33370 Ny veg Åsen - Selvågane	-1 331 000	1 300 000
33373 Eidsmona - opprusting veg	200 000	1 250 000
33374 Kjøp - bilpark	492 400	1 200 000
34550 Gammalt ledningsnett - vatn	343 656	1 000 000
34555 Ny vassleidning i Nordstrandsvegen	103 720	3 400 000
35053 Forprosjekt oppgradering av Byrkjelo reinseanlegg	-	250 000
35301 Forprosjekt - tilbygg og ombygging av driftsstasjon Eidsmona	96 780	-
35350 Gammalt ledningsnett - kloakk	19 700	1 000 000
35355 Avløpsanlegg på Vereide	24 400	1 100 000
35357 Avløpsleidning til Øvre Mardal	275 427	2 000 000
35358 Driftsstasjon i Eidsmona	214 224	5 000 000
36055 Ny gjestebrygge - Sandane sentrum	195 928	-
38059 Total opprusting - idrettsanlegg Hyen	38 520	-
88051 Eigenkapitalinnskot til klp	1 072 618	900 000
88053 Finansieringsprosjektet	-	-71 010 000
Sum ansvar: 8000 Investering	2 780 314	-
T O T A L T	2 780 314	-

Tabellen syner alle aktive investeringsprosjekt i Gloppen kommune for 2014. Knappe 50 mill er nye investeringsmidlar vedteke i budsjettet for 2014. Vel 20 mill er midlar som er vidareført frå prosjekt i 2013, som ikkje var ferdig eller på begynt. Når ein legg rekneskapen til grunn så ser det ut til at investeringane generelt ligg langt etter skjema.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret tek rapporten til orientering, men legg samstundes til grunn at rådmannen har merksam på utviklinga av drifts- og lønnsutgiftene for resten av 2014
2. Rådmannen informerer formannskapet regelmessig om utviklinga framover.

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Spørsmål som vart stilte:

- Kor mykje av midlane på disposisjonsfondet er reelle midlar?
- Kan budsjettet periodiserast slik at det ikkje framstår som avvik når store deler av avsett budsjettbeløp blir utbetalt samla ein eller få gongar for året? Utgiftene til lønn til brannmannskapet vart brukt som døme
- Kva er status for det planlagde bustadfeltet på Reed (i Hetlebakkane)?
- Kan rapportering av investeringsprosjekt gjerast på ein betre måte?
- Kva er status på arbeidet med å få orden på kommunen sine IT-problem?

Rådmannen vil svare på desse spørsmåla i kommunestyret.

098/14 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

25.09.2014 KOMMUNESTYRET

052/14 VEDTAK:

1. Kommunestyret tek rapporten til orientering, men legg samstundes til grunn at rådmannen har merksemd på utviklinga av drifts- og lønnsutgiftene for resten av 2014
2. Rådmannen informerer formannskapet regelmessig om utviklinga framover.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Oppvekstutvalet	16.09.2014	016/14
Kommunestyret	25.09.2014	053/14

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Olav Fure	Arkiv: 004 A0	09/2455-17

Kvalitetsmelding for grunnskulane i Gloppen skuleåret 2013-14

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om stoda i opplæringa for grunnskuleelevar i kommunen. Rapporten skal som minstekrav omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar (kommunestyret), jfr opplæringslova § 13-10, andre ledd. Kravet til eit forsvarleg system er langt vidare enn det denne rapporten fangar opp, men rapporten er ein del av det.

Saksutgreiing:

Då den malen som har vore nytta tidlegare år har vore så omfattande at det store biletet har drukna i detaljar. Oppvekstutvalet har difor bede om ein enklare og meir visuell rapport. I denne rapporten er det nytta fargekodar for å visualisere korleis stoda er samanlikna med fylket og landet. Det er viktig å sjå litt på tala og ikkje berre fargekoden når ein ynskjer å danne seg eit bilete. Avviket er i regelen ikkje stort nok til at det er statistisk signifikans, sjølv om den aktuelle ruta er raud, eller grøn for den del. Resultata dei siste sju åra er målte opp mot fylket og landet sine resultat for det aktuelle året, men tala er berre tekne med for det siste året som dette er rapport for.

Fargekodar:

	På eller betre enn gjennomsnittet i Sogn og Fjordane
	På eller betre en gjennomsnittet nasjonalt
	Under gjennomsnittet nasjonalt

Faglege resultat

Nasjonale prøver

2013 2013-14
-14

	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
5. klasse lesing	1,9	2,0	1,9	1,9	2,1	1,8	2,0	2,0	2,0
Detaljar 5. klasse lesing									
Nivå 1	26,4	22,4	34,7	33,3	23,1	37,3	21,5	22,9	24,2
Nivå 2	55,6	53,4	53,4	41,3	46,2	49,2	57,0	55,8	53,8
Nivå 3	18,1	24,1	24	25,4	22,4	13,6	21,5	21,3	22,1

5. klasse rekning	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
	2,0	1,9	2,1	2,0	2,1	1,9	2,1	2,1	2,0
Detaljar 5. klasse rekning									
Nivå 1	26,4	25,9	25,0	27,9	17,8	24,2	21,0	20,0	26,7
Nivå 2	51,4	56,9	44,4	45,6	54,8	61,3	50,6	50,1	48,1
Nivå 3	22,2	17,2	30,6	26,5	27,4	14,5	28,4	29,8	25,2

5. klasse engelsk	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
	1,9	2,0	1,9	1,9	x	1,8	1,7	1,9	2,0
Detaljar 5. klasse engelsk									
Nivå 1	28,2	22,4	33,8	35,4	x	31,1	41,3	27,4	25,8
Nivå 2	54,9	51,7	45,9	38,5	x	57,4	51,3	50,5	49,9
Nivå 3	16,9	25,9	20,3	26,2	x	11,5	7,5	22,1	25,1

8. klasse lesing	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
	3,5	3,4	3,3	3,2	3,3	3,3	3,2	3,2	3,1
Detaljar 8. klasse lesing									
Nivå 1	1,4	4,5	4,8	1,4	5,1	1,3	1,5	5,4	6,7
Nivå 2	13,5	16,4	15,2	26,0	11,9	22,4	16,2	17,1	19,2
Nivå 3	39,2	34,3	42,9	35,6	42,4	32,9	51,5	44,6	40,4
Nivå 4	19,7	28,4	23,8	28,8	27,1	34,2	22,1	22,3	22,3
Nivå 5	16,2	16,4	13,3	8,2	13,6	9,2	8,8	10,7	11,5

9. klasse lesing	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
				3,7	3,6	3,6	3,6	3,5	3,4
Detaljar 9. klasse lesing									
Nivå 1				1,9	2,8	4,9	2,6	3,1	4,4
Nivå 2				12,5	12,5	8,2	10,4	12,4	13,4
Nivå 3				25,0	29,2	37,7	37,7	35,5	35,5
Nivå 4				32,7	34,7	24,6	26,0	28,2	26,9
Nivå 5				27,9	20,8	24,6	23,4	20,7	19,9

8. klasse rekning	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
	3,4	3,4	3,1	3,1	3,0	3,2	3,3	3,2	3,1
Detaljar 8. klasse rekning									
Nivå 1	1,4	4,5	4,8	5,8	4,9	6,4	5,7	4,9	6,8
Nivå 2	13,9	9	18,1	21,7	27,9	19,2	14,3	16,4	20,3
Nivå 3	40,3	41,8	50,5	39,1	37,7	37,2	40,0	41,0	41,2

Nivå 4	29,2	29,9	20,0	21,7	18,0	24,4	24,3	26,0	20,6
Nivå 5	15,3	14,9	6,7	11,6	11,5	12,8	15,7	11,8	11,0

	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
9. klasse rekning				3,7	3,4	3,4	3,6	3,6	3,4

Detaljar 9. klasse rekning

Nivå 1				2,9	5,6	0	1,3	2,4	4,1
Nivå 2				3,8	14,1	18,3	14,7	13,0	14,2
Nivå 3				33,7	36,6	45,0	33,3	34,8	37,6
Nivå 4				35,6	26,8	13,3	26,7	26,3	25,1
Nivå 5				24,0	16,9	23,3	24,0	23,4	18,9

	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
8. klasse engelsk	3,2	3,3	3,2	3,0	2,8	2,9	2,9	3,0	3,0

Detaljar 8. klasse engelsk

Nivå 1	6,8	1,4	5,7	8,0	15,0	9,7	11,8	8,4	9,8
Nivå 2	12,3	15,9	21,0	20,0	26,7	29,2	19,1	22,8	20,6
Nivå 3	49,3	43,5	36,2	42,7	36,7	37,5	42,6	40,7	40,8
Nivå 4	21,9	30,4	26,7	26,7	11,7	12,5	19,1	18,8	18,1
Nivå 5	9,6	8,7	10,5	2,7	10,0	11,1	7,4	9,3	10,8

Standpunktkarakterar (avsluttande)

	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
Engelsk munnleg	4,2	4,0	4,3	4,4	4,2	4,0	4,4	4,2	4,2
Engelsk skriftleg	4,0	4,0	4,2	4,0	3,8	4,0	4,0	4,0	4,0
Matematikk	3,8	3,3	3,7	3,7	3,9	3,5	3,5	3,7	3,5
Norsk hovudmål	-	3,7	3,9	3,9	3,9	3,7	3,8	3,9	3,8
Norsk sidemål	-	3,7	4,0	4,1	4,0	3,8	3,8	3,9	3,7
Norsk munnleg	-	4,0	4,3	4,3	4,4	4,0	4,3	4,2	4,2

Eksamen

	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
Engelsk munnleg	4,8	4,4	4,9	-	3,9	-	-	4,6	4,4
Engelsk skriftleg	3,7	3,6	4,4	4,0	3,2	3,6	3,8	3,8	3,7
Matematikk	3,6	3,0	3,6	3,7	3,2	3,3	3,0	3,1	3,0
Norsk hovudmål	-	3,7	3,8	4,0	3,5	3,4	-	3,6	3,4
Norsk sidemål	-	3,7	4,0	3,6	3,5	3,7	-	3,5	3,1
Norsk munnleg	-	-	-	-	4,1	4,1	5,0	4,5	4,4

Grunnskulepoeng

	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
Grunnskulepoeng	41,4	39,0	42,3	42,1	41,2	40,1	41,3	41,5	40,4

Resultat frå elevundersøkinga 2013-14

	7. årssteg			10. årssteg		
	Noreg	S&Fj	Gloppen	Noreg	S&Fj	Gloppen
Medverknad	3,7	3,8	3,3	3,2	3,3	3,4
Fagleg utfordring	3,9	3,9	3,8	4,1	4,1	4,0
Felles reglar	4,3	4,3	4,2	3,8	4,0	3,9
Læringskultur	3,8	3,8	3,6	3,4	3,5	3,5
Meistring	4,0	4,0	4,0	3,9	4,0	3,8
Mobbing på skulen	1,3	1,3	1,3	1,3	1,2	1,1
Motivasjon	3,9	3,9	3,5	3,5	3,5	3,5
Støtte frå lærarane	4,3	4,4	4,2	3,9	4,0	3,9
Støtte heimanfrå	4,3	4,3	4,2	3,9	3,9	3,7
Trivsel	4,4	4,4	4,1	4,2	4,3	4,4
Vurdering for læring	3,8	3,9	3,6	3,2	3,3	3,1

Lærartettleik per elev	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
1.-7. årssteg	11,6	11,7	13,9	13,5	12,7	12,5	12,9	10,5	13,1
8.-10. årssteg	13,3	13,0	15,2	15,0	16,1	15,0	12,3	12,7	14,1

Driftsutgifter per elev

	2009	2010	2011	2012	2013
Gloppen	89 918	89 271	90 885	97 879	103 058
Sogn og Fjordane	94 552	100 970	105 469	111 222	114 790
Nasjonalt	86 849	91 939	94 721	98 353	101 938

Spesialundervisning	2007-08	2008-09	2009-10	2010-11	2011-12	2012-13	2013-14	S&Fj	Nasjonalt
Prosentdel elevar med spesialundervisning	3,0	4,5	4,3	4,1	2,8	3,2	4,4	9,6	8,3

Fråfall: 100% av elevane gjekk vidare frå 10. klasse og inn i vidaregåande skule dette året. Dette er i samsvar med nasjonale mål, men langt frå alle kommunar oppnår dette.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen.

Rådmannen si vurdering:

Tilstandsrapporten skal gje ei oversikt over den faglege og sosiale stoda i grunnskulen i Gloppen kommune. Det er langt frå alt som kan målast, og feilkjeldene kan vere mange i dei målingane som er gjorde. Likeeins er det viktig å vere medviten at det kan vere store skilnader frå skule til skule. Rapporten gjev eit gjennomsnittsbilete av stoda samla sett.

Resultata på nasjonale prøver på 5. årssteget ber bod om at skulane har eit potensiale for å auke det faglege nivået på småskulesteget. Jamt over er det sjeldan snittet i Gloppen ligg likt eller over fylket på desse prøvene. Årsakene til det kan vere mange og gode, men skulane må drøfte og vurdere om det vert lagd stor nok vekt på å nå kompetansemåla ved utgangen av 4. klasse. Engelskfaget skil seg litt ut i negativ lei, men fylket har jamt over betre resultat over heile fjøla på dette tidspunktet i utdanninga.

Ved inngongen til ungdomsskulen er stoda noko annleis og betre. Dette fortel at det har vore arbeidd godt i barneskulane våre. Særleg gode resultat har vi i lesing. Få eller ingen elevar med låg score i lesing frå barnesteget gjev dei fleste gode føresetnader for å lukkast i ungdomsskulen. Det er likevel eit potensiale for å utvikle fleire med svært god lesedugleik. I rekning kan det sjå ut som om vi jamt over ligg litt under fylket, og i engelskfaget har vi for mange som presterer på dei lågaste nivåa.

Standpunktkarakterane og eksamensresultata etter 10. klasse fortel likevel tydeleg at elevane i Gloppen gjer det relativt godt. Grunnskulepoenga viser at elevane som går ut av Gløppeskulen jamt over ligg minst på høgde med elevar i landet elles. Resultata viser at dei jamt over ligg signifikant over landet elles og om lag på høgde med gjennomsnittet i fylket.

Elevundersøkinga er ny, så vi har ingen tidsseriar som kan vise om det er tilfeldige variasjonar eller faktisk er tendensar det vi kan lese ut av den. Undersøkinga fortel at elevane på barnesteget tykkjer dei har for lite medråderett og påverknad på sin eigen situasjon samanlikna med andre. Dette opplever 10. klassingane om lag som andre 10. klassingar. Både på barnesteget og ungdomssteget melder elevane om litt små faglege utfordringar og litt lite støtte både frå skule og heim. Etter eit par år med omfattande fokus på vurdering for læring er det likevel tydeleg at skulen har eit forbettringspotensiale her. Både på barnesteget og ungdomssteget er elevane mindre nøgde med lærarane på dette punktet enn dei er i fylket og landet.

Motivasjonen for skularbeid er mindre hos barneskuleelevane enn dei vi samanliknar med, medan ungdomsskuleelevane er om lag like motiverte som elles i fylket og landet. Dette kan ha samanhang med fokuset skularbeidet har i heimen og relasjon/dialog elev-lærer. Motivasjon er viktig i all læring, så dette er eit punkt vi må overvake nøye også i komande elevundersøkingar.

Det punktet i elevundersøkinga der vi lukkast best jamt over ser ut til å vere mobbing. Resultata er ikkje signifikante, men samanhalde med at vi også tidlegare har hatt låge mobbetal er det positivt. Talet er ikkje 0, så heilt nøgde kan vi ikkje vere. Målet må framleis vere at ingen vert mobba og alle trivst på skulen. Trivselen er lågast på barnesteget, og her skil vi oss signifikant frå både fylket og landet. Årsaka til dette må vi prøve å finne, men spørsmåla elevane har svara på hjelper lite. På dette punktet er det berre eit spørsmål: Trivst du på skulen?

Lærartettleiken i Gløppeskulen er låg i høve fylket og ligg jamt over nær snittet for landet. Talet fortel kor stor gruppe ein lærar har ansvaret for gjennomsnittleg kvar time. Auka i lærartettleik på ungdomssteget siste skuleår skuldast mellom anna innføring av valfag som krev små grupper. Likevel skil vi oss nok litt ut her, for dei fleste kommunar har høgare lærartettleik på barnesteget enn på ungdomssteget. Med tanke på læringsresultata på nasjonale prøver i 5. klasse er det viktig at vi har fokus på å auke lærartettleiken det/dei fyrste året/åra. Det er her grunnlaget vert lagt og har ein lærar for mange elevar å dele merksemda på, er det ikkje lett å vere tett på alle heile tida. Auken i spesialundervisninga som har kome dei siste

par åra kan også vere eit signal om at lærarane ikkje maktar å tilretteleggje tilstrekkeleg for alle elevar. Tilpassa opplæring har alle elevar krav på, og dei læraren ikkje maktar å leggje godt nok til rette for har krav på spesialundervisning. Nok ressursar i klasserommet og god kompetanse hos lærarane til å leggje til rette for den ein skilde eleven si optimale utvikling er heilt essensielt for å halde spesialundervisninga på eit lågt nivå. Nokre ekstra lærartimar i dei yngste klassane kan soleis vere ei investering som kastar svært godt av seg både menneskeleg og økonomisk.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret tek kvalitetsmeldinga for skuleåret 2013-14 til orientering.

16.09.2014 OPPVEKSTUTVALET

016/14 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

25.09.2014 KOMMUNESTYRET

053/14 VEDTAK:

Kommunestyret tek kvalitetsmeldinga for skuleåret 2013-14 til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	17.10.2014	066/14

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Arkiv: P00	09/1725-15

Utvida låneramme for Nordfjord Havn IKS - endring av vedtektene - ny behandling

Ingen vedlegg.

Tidlegare behandling av saka:

Bakgrunn for saka:

Nordfjord Havn IKS ber om at eigarkommunane godkjenner at låneramma til selskapet blir auka. Bakgrunnen for søknaden er at Nordfjord Havn IKS sin aktivitet knytt til utbygging av hamnar i eigarkommune er så stor at dagens vedtekter vil avgrense denne.

Etter dagens reglar - § 6-4 i vedtektene – er låneramma til Nordfjord Havn IKS 90 mill. i 2001-kroner, som no er indeksregulert til 111 millionar.

Hamnerådet ber om at § 6-4 blir endra slik at låneramma blir knytt til omsetninga i selskapet. I klartekst vil Nordfjord Hamn IKS ha reguleringa av låneramma i § 6-4 i vedtektene endra frå:

(...) Låneramma skal indeksregulerast kvart år i samsvar med SSB sin konsumindeks og avrundast til næraste 10.000 kr.

til:

(...) Selskapets låneramme aukast ti gonger gjennomsnittleg omsetning av siste tre års rekneskap.

Saksutgreiing:

Gloppen kommune eig 13 % av Nordfjord Havn IKS. Det same gjer kommunane Eid, Selje og Stryn, medan Vågsøy kommune eig 48 %. Kommunane er solidarisk ansvarlege for selskapet si gjeld i høve til eigarskapen. Gloppen er altså ansvarleg for 13 % av gjelda til Nordfjord Havn IKS.

Nordfjord Havn IKS har i dag ei lånegjeld på om lag 95 millionar, og omsetninga dei tre siste åra har vore:

2011	kr	14,9 mill
2012	"	16,8 mill
2013	"	17,2 mill

Med desse tala vil låneramma bli om lag 163 millionar viss rådet i Nordfjord Havn IKS får det som dei vil, altså ein auke på vel 50 millionar frå dagens ramme.

På eit orienteringsmøte i Hornindal i 6. juni i år, argumenterte havnerådsleiaren slik for å utvide låneramma:

Dei eksisterande vedtektene tek berre omsyn til konsumprisindeksen, dei tar ikkje høgde for at utbyggingar og auka omsetning vil ha innverknad på det økonomiske handlingsrommet som Nordfjord Havn IKS har til rådvelde. Då vedtektene vart godkjende i 2001/2002 utgjorde låneramma ca. 10 gongar omsetninga, men i dag er ramma berre 6 gonger omsetninga.

Ved å auke ramma slik rådet ber om, vil Nordfjord Havn IKS kunne tilpasse låneramma auka aktivitet utan å måtte gå på eigarkommunane for nye prosjekt.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Som sagt er eigarkommunane solidarisk ansvarlege for Nordfjord Havn IKS si lånegjeld. Ved å auke låneramma slik selskapet ber om, aukar Gloppen kommune sitt garantiansvar frå om lag 12,4 millionar til om lag 21,2 millionar. Dette er 13 % av høvesvis 95 millionar og 163 millionar.

Rådmannen si vurdering:

Gloppen kommune har som skrive ein eigardel på 13 % i Nordfjord Havn IKS. Det er ikkje noko som tyder på at eigarkommunane sitt garantiansvar vil bli gjort gjeldande. Nordfjord Havn IKS driv forsvarleg, og rekneskapane viser at selskapet har god utvikling.

Rådmannen vil likevel følgje opp dei signala Gloppen kommune sine representantar har gjeve i Nordfjord Havn IKS sitt råd og styre om å reservere seg mot ei utvida låneramme. Alternativet til å utvide låneramma er sjølvstøtt at dei kommunane som først og fremst vil nytte godt at dei utbyggingane som gjer det aktuelt å utvide ramma, sjølve tar ein større del av investeringane. Rådmannen går for dette alternativet, og vil ikkje tilrå at Gloppen kommune godkjenner vedtektsendringa slik rådet ber om.

Rådmannen er kjend med at Stryn og Vågsøy kommunar har godkjent vedtektsendringa, medan kommunane Eid og Selje ikkje har teke stilling til saka, så langt rådmannen har funne ut.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing og godkjenner ikkje at vedtektene for Nordfjord Havn IKS blir endra slik at låneramma til selskapet kan aukast.

Kommunestyret legg til grunn at kommunane i hamnesamarbeidet sjølve må ta del i dei investeringane som kan føre til at noverande låneramme blir for lita.

17.09.2014 FORMANNSKAPET

Framlegg frå **Anniken Rygg (H)**:

Gloppen kommunestyre godkjenner for sin del at § 6-4 i vedtektene for Nordfjord Havn IKS blir endra slik hamnerådet ber om.

Ved alternativ avrøysting fekk framlegget frå Anniken Rygg ei røyst og rådmannen si tilråding åtte røyster.

103/14 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart innstilt mot ei røyst.

25.09.2014 KOMMUNESTYRET

E-post datert 23. september 2014 frå Anniken Rygg vart delt ut.

Framlegg frå **ordføraren**:

Kommunestyret utset saka til møtet den 17. oktober i år.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

061/14 VEDTAK:

Kommunestyret utset saka til møtet den 17. oktober i år.

Vedtaket var samrøystes.

Ny behandling av saka:

På kommunestyret sitt møte den 25. september i år vart ei orientering frå Anniken Rygg – som er Gloppen kommune sitt medlem i styret for Nordfjord Havn IKS – delt ut. Orienteringa ser slik ut:

Gloppen kommunestyre har vald underteikna til sin representant i styret for Nordfjord Havn. Eg beklager så mykje at det er skapt eit inntrykk blant politikarane i Gloppen at Nordfjord Havn ikkje har spelt på lag med Gloppen. Eg tek det på «mi kappe» då det er truleg at informasjon om Nordfjord Havn ikkje har blitt meddelt Gloppen kommunestyre som eigarar i hanneselskapet. Eg vil gjerne prøve å rette litt på det inntrykket.

I 2013 hadde Gloppen om lag 30 båtanløp til Kattahamrane og om lag 20 til privat kai.

Nordfjord Havn registrerer all sjø-trafikk ved offentlig og privat kai i Gloppen.

Nordfjord Havn registrerer alle varer som lossast til fartøy i kommunen.

Nordfjord Havn fakturerer på vegne av Gloppen kommune: Anløpsavgift – Kaivederlag – Varevederlag – Vederlag for lagring på kai.

Nordfjord Havn gjer ei økonomisk avregning til kommunen.

Nordfjord Havn opprettheld ISPS-regime for tenderlokalitet cruise.

Nordfjord Havn ivaretar sikker farled.

Nordfjord Havn behandlar søknader om tiltak i sjø.

Nordfjord Havn registrerer på vegner av Gloppen kommune:

- Kvartalsvis innsending av Loyds-rapport
- Kvartalsvis innsending av anløp og godsoversikt til SSB.

Nordfjord Havn er på vegner av Gloppen kommune:

- Kontaktpunkt for skip som skal bestille kai
- Kontaktpunkt for selskap som ønskjer utskiping over kai
- Kontaktpunkt for maritim kompetanse.

Fordelar Gloppen har som eigar av Nordfjord Havn IKS:

- Oppbygging av ISPS-regime som tillet utanrikstrafikk å anløpe (sum ca. kr 50.000,-)
- Årsavgift til Kystverket for ISPS i åra 2007-2009 (sum kr 78.200,-)
- Investering i gjestemarina på Sandane. (Sum kr 250 000,- + 200 000,-)

- Rydding av farled etter jordras i Stryn og Eid kommune. (tømmer flytande i Nordfjorden)
- Organisasjon som ivaretek tryggleik i kommunen sitt farvatn
- Deltek i fora som har store investeringer i regionen
- Høyringsinstans i sjørelaterte saker
- Deling av felleskostnader for bruk av kontor mm
- Om lag 0,4 årsverk til sjørelatert drift i Gloppen kommune.

Trass i at Nordfjord Havn er veldrive og kan vise til ei drift i god og sunn utvikling er det ei tilråding om å **ikkje** utvide låneramma som blir lagt fram til kommunestyret å ta stilling til. Det er ingen ting som tyder på at dette vil få økonomiske konsekvensar for Gloppen kommune, men at vi i staden aukar verdiane på det som innbyggjarane i Gloppen er medeigarar i. Selskapet Nordfjord Havn IKS vert vurdert å ha ein sunn økonomi, og auka låneramme vil legge grunnlag for vidare vekst i selskapet. Om Gloppen kommune ønskjer å ta del i denne veksten, må kommunen også delta i finansieringa.

Eg oppmodar kommunestyret til å gjere same vedtak som Eid kommune sitt formannskap gjorde i forrige veke:

1. *Eid kommune godkjenner at vedtektene til Nordfjord Havn IKS § 6-4 vert endra i samsvar med saksutgreiinga.*
2. *Eid kommune ventar at Nordfjord Havn i større grad enn tidlegare prioriterer prosjekt i Eid kommune.*

Sidan saka var føre i kommunestyret den 25. september i år har Eid kommunestyre behandla saka og gjort vedtak slik formannskapet i Eid innstilte (sjå ovanfor). Selje kommune har enno ikkje behandla saka etter det rådmannen har funne ut.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen legg saka fram med same vurdering og tilråding som sist. Formannskapet si innstilling i saka er:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing og godkjenner ikkje at vedtektene for Nordfjord Havn IKS blir endra slik at låneramma til selskapet kan aukast.

Kommunestyret legg til grunn at kommunane i hamnesamarbeidet sjølve må ta del i dei investeringane som kan føre til at noverande låneramme blir for lita.

17.10.2014 KOMMUNESTYRET

Anniken Rygg gjekk frå som ugild i saka etter § 6, 1e) i forvaltningslova sidan ho sit i styret i Nordfjord Hamn IKS.

Anders Ryssdal gjekk frå som ugild i saka etter § 6, 2 ledd i forvaltningslova sidan han sit i rådet i Nordfjord Hamn IKS, og det er rådet som har fremja saka.

Framlegg frå **Kari-Ann Flølo (H)**:

1. Gloppen kommune godkjenner at vedtektene til Nordfjord Havn IKS § 6-4 vert endra i samsvar med saksutgreiinga
2. Gloppen kommune forventar at Nordfjord Havn i større grad enn tidlegare prioriterer prosjekt i Gloppen kommune.

Det vart røysta alternativt mellom framlegget frå Kari-Ann Flølo og formannskapet si innstilling, der framlegget frå Kari-Ann Flølo vart samrøystes vedteke.

066/14 VEDTAK:

1. Gloppen kommune godkjenner at vedtektene til Nordfjord Havn IKS § 6-4 vert endra i samsvar med saksutgreiinga
2. Gloppen kommune forventar at Nordfjord Havn i større grad enn tidlegare prioriterer prosjekt i Gloppen kommune.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kultur- og miljøutvalet	21.10.2014	063/14
Oppvekstutvalet	21.10.2014	020/14
Teknisk og landbruksutvalet	21.10.2014	037/14
Helse- og omsorgsutvalet	22.10.2014	028/14
Formannskapet	23.10.2014	106/14
Kommunestyret	03.11.2014	069/14

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: John Morten Selsvik m/fleire	Arkiv: 212	14/620-8

Rapport for 2. tertial 2014

Ingen vedlegg.

Bakgrunn for saka:

Orientering om status for den økonomiske drifta i Gloppen kommune dei 8 fyrste månadene i 2014.

Saka er utvida til også å omfatte hovudoversikter frå utvalsområda og sjukefråværet. Same rapporten blir lagt fram for alle utvala.

Saksutgreiing:

Denne saka har fokus på makroøkonomien i Gloppen kommune. Tyngda av utgiftene er lønn, difor er det essensielt at desse utgiftene er under kontroll. Ei overskriding på berre 1 % vil utgjere nær 3 mill kr. på årsbasis.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen.

Saka er ei kortfatta analyse av drifta frå og med januar til og med august 2014 og har ikkje økonomiske konsekvensar i seg sjølv.

Rådmannen si vurdering:

I tillegg til desse utvalde områda

- låneporteføljen
- skatteinngangen
- statlege overføringar/rammetilskot
- lønnsstatistikken
- status disposisjonsfond

kommenterer rådmannen også hovudtala for kvart hovudutvalsområde og sjukefråværet per august 2014.

Låneporteføljen

Totaloversikt alle låna til Gloppen kommune utan startlån						
	31.12.2013		30.06.2014		31.08.2014	
	Mill kroner	%	Mill kroner	%	Mill kroner	%
Lån med NIBOR/Pt rente	168	53 %	165	46 %	162	45 %
Lån med fast rente	151	47 %	195	54 %	195	55 %
Samla langsiktig gjeld	319	100 %	360	100 %	357	100 %
Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2013 (kr tusen / %)			4 595	2,90%	6 593	2,90%
Tal løpande lån	14		16		16	
Største enkeltlån	108		107		105	

Tabellen syner alle låna til Gloppen kommune pr. 31. desember 2013, 30.juni 2014 og 31.august 2014. Samla lånegjeld er no 357millionar. Husbanklåna er ikkje teke med. Renteberekingane er gjennomsnittlige. Utviklinga av gjeldsporteføljen er i rute med budsjettet for 2014. Renteutviklinga har vore positiv for oss, og vi vil mest truleg ende med ei innsparing på renteutgifter for 2014.

Lån til investeringar i 2014 er teke opp pr. 30. juni 2014, og er med i tabellen. Låneopptaket for 2014 er vedtatt i økonomiplanen til kr 47 090 000,-.

Andelen fastrente skal, i henhold til finansreglementet, liggje på 50% av låneporteføljen. Vi ligg i dag på 55%. Låneopptaket i 2014 vart teke opp med fastrente.

Skatteinngangen

2014	Månad	Budsjett 2013 Akkumulert	Budsjett per månad	Budsjettert betalings - inngang i % akkumulert	Faktisk inngang	Faktisk inngang akkumulert	Budsjettoppnå else i %	Avvik i høve til budsjett akkumulert
	januar	14 796 000	14 796 000	12	15 359 981	15 359 981	12,46 %	563 981
	februar	16 029 000	1 233 000	13	1 050 134	16 410 115	13,31 %	381 115
	mars	36 990 000	20 961 000	30	20 619 007	37 029 122	30,03 %	39 122
	april	38 223 000	1 233 000	31	1 645 871	38 674 993	31,37 %	451 993
	mai	61 033 500	22 810 500	50	22 238 224	60 913 217	49,40 %	-120 283
	juni	61 650 000	616 500	50	2 116 227	63 029 444	51,12 %	1 379 444
	juli	75 213 000	13 563 000	61	14 419 806	77 449 250	62,81 %	2 236 250
	august	76 446 000	1 233 000	62	1 498 890	78 948 140	64,03 %	2 502 140

Tabellen viser skatteinngangen for dei 8 fyrste månadane i 2014. Til og med august ligg vi inne med ei meirinntekt i høve til budsjettet på kr 2,5 mill.

Det er sett av for lite til tilbakebetaling av skatt i år, noko som vil få effekt for skatteinntekta i november. Vidare kjem det òg ei fordeling av skatteinntekt mellom stat og kommune som kjem i kommunen sin disfavour. Truleg vil desse momenta føre til at det kan bli vanskeleg å nå budsjettert skatteinntekt i 2014.

Statlege overføringar/rammetilskot

Statlege overføringar her under rammetilskot, vertskommunetilskot, og andre statstilskot er komen inn som budsjettert til og med august 2014.

Lønnsstatistikken

2014 Månad	Budsjett 2014 Akkumulert	Budsjett per månad	Budsjettet betalings - inngang i % akkumulert	Samla lønnsutgift	Faktisk utgift akkumulert	Sjukeløn refusjon akumulert	Sjukeløn refusjon pr. mnd	Faktisk oppnåelse i % korrigert for refusjon	Avvik i høve til budsjett akkumulert
januar	26 963 438	26 963 438	8,98 %	27 242 158	27 242 158	-2 027 917	-2 027 917	8,40 %	-1 749 197
februar	55 127 920	28 164 482	18,36 %	28 081 228	55 323 386	-2 898 745	-870 828	17,46 %	-2 703 279
mars	82 091 357	26 963 438	27,34 %	26 207 265	81 530 651	-3 697 558	-798 813	25,92 %	-4 258 264
april	109 054 795	26 963 438	36,32 %	26 503 835	108 034 486	-4 709 078	-1 011 520	34,41 %	-5 729 387
mai	136 018 233	26 963 438	45,30 %	29 156 110	137 190 596	-6 101 634	-1 392 556	43,66 %	-4 929 271
juni	138 240 164	2 221 931	46,04 %	4 756 855	141 947 451	-7 477 091	-1 375 457	44,78 %	-3 769 804
juli	165 203 602	26 963 438	55,02 %	29 374 267	171 321 718	-7 496 109	-19 018	54,56 %	-1 377 993
august	192 167 040	26 963 438	64 %	30 134 685	201 456 403	-9 184 354	-1 688 245	64,03 %	105 009

Lønnsstatistikken til og med august er oppdatert inkludert sjukelønnsrefusjon for august. Statistikken viser eit meirforbruk tom august på kr 105 009.-, etter fråtrekk frå sjukelønnsrefusjon tom august. Det er å rekne som innertiar.

Dette er det store biletet som syner samla lønnsutgifter for kommunen. Avvik i den enkelte sektor fram går av tabellen under.

Sektorvis avviksstatistikk.

Avviksoversyn Lønn - Gloppen kommune	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik	Avvik
	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	
Formannskapet	60	53	-177	-308	-406	-528	-535	-677	
Oppvekstutvalet	-562	-827	-647	-376	-630	-1 322	-551	-811	
Helse- og omsorgsutvalet	-709	-2 087	-3 208	-4 490	-3 724	-1 680	-367	979	
Teknisk, landbruksutvalet	-215	764	582	442	465	444	627	734	
Kulturutvalet	-160	-271	-310	-334	-319	-295	-149	-120	
Avvik	-1 586	-2 368	-3 760	-5 066	-4 614	-3 381	-975	105	

- Formannskapet har eit mindreforbruk på 677 tusen.
- Oppvekstutvalet har eit mindreforbruk på 811 tusen.
- Helse og omsorg har eit meirforbruk på 979 tusen.
- Teknisk og landbruksutvalet har eit meirforbruk på 734 tusen
- Kulturutvalet har eit mindreforbruk på 120 tusen.

Status disposisjonsfond

			IB	Bevegelse	UB
Art: 25601991 Disposisjonsfond			-19 105 831		
900239	2 09.04.14	4 Jfr kommunestyrevedtak bud14		3 832 000	
900240	2 09.04.14	4 Vassområde jrf budsjettvedtak		78 000	
900240	4 09.04.14	4 Idrett jrf budsjettvedtak		30 000	
900240	6 09.04.14	4 Relig førem jrf budsjettvedtak		95 000	
900241	2 09.04.14	4 jfr K-sak 13/14, fjellsikring		350 000	
900241	3 09.04.14	4 Selvågane, prosjekt 33370		1 331 000	
900242	2 09.04.14	4 Finans aksjarBreimsb skisenter		350 000	
900244	2 09.04.14	4 K-sak 16/14 planprogram		300 000	
900245	2 09.04.14	4 K-sak 14/14 sentrumsanalyse		1 000 000	
900246	2 09.04.14	4 riving slaktehus ksak 19/14		500 000	

Oppretting av tidligare års feil	-470 000	
Vedtekene transaksjonar ikkje oppdatert i rekneskap		
Avsetning overskotet frå 2013 K-styre 30/14	-360 617	
T O T A L T	7 035 383	-12 070 448

Per 1. halvår 2014 er disposisjonsfondet redusert med 7,035mill. Sum ståande på disposisjonsfond etter utgangen av 2. tertial 2014 er kr. 12 070 448,-. Dette er eksklusiv inntektsført rentekrav til Gloppen Energi AS.

Hovudtal frå rekneskapen t.o.m. august 2014

Fordelt på formannskapet og hovudutvala sine budsjettområdet, ser 2014-rekneskapen slik ut per august månad:

Hovudansvar 1 – formannskapet

	Regnskap 2 tertial 2014	Buds(end) 2014	%- forbruk
Grp. Ansvar: 1 Formannskapet			
10 Lønn og sosiale utgifter	12 149 512,00	18 961 000	64,1
11 Driftsutgifter	5 994 374,00	8 650 000	69,3
13 Kjøp av kommunale tenester	1 124 563,00	2 700 000	41,7
14 Overføringar	1 481 352,00	4 436 000	33,4
15 Finansieringsutgifter	242 223,00	295 000	82,1
Sum utgifter	20 992 023,00	35 042 000	59,9
16 Salsinntekter	-192 101,00	-1 494 000	12,9
17 Refusjonar	-3 447 165,00	-10 201 000	33,8
19 Finansieringsinntekter	-818 188,00	-310 000	263,9
Sum inntekter	-4 457 454,00	-12 005 000	37,1
Sum ansvar: 1 Formannskapet	16 534 570,00	23 037 000	71,8

Det er dessverre vesentleg manglar i budsjettet på formannskapet sitt ansvarsområde. Særleg gjeld dette budsjetteringa av kommunen sine utgifter til drift av Nordfjordnett der det er budsjettert med mindre enn halvparten av vedteke budsjett frå Nordfjordnett Dette åleine vil gje ei overskriding ved årsslutt på over 1 million.

Innsparingane som økonomiplanen legg til grunn for ansvarsområdet er urealistiske. Det er ikkje råd å spare over 1 million på e-handel og ny innkjøpsordning i 2014.

På inntektssida er det i budsjettet rekna med at prosjektet «Saman om ein betre kommune» skal gå i balanse. Det er ikkje andre inntekter på dette prosjektet enn 300.000 i statstilskot. Sjølv om vi ikkje har utgifter på prosjektet etter august i år, er det uråd å hente inn dei inntektene som budsjettet legg til grunn.

På grunn av vakanse i ledige stillingar i løpet av året, vil hovudansvaret greie dei innsparingane som budsjettet legg opp til på administrasjon av sektoren.

På dette ansvaret ligg to interkommunale tenester, der mesteparten av utgiftene skal refunderast av dei andre kommunane i Nordfjord. Desse prosjekta er med på utgiftssida, men det er per august inne inntektsført noko i refusjon.

Sjukefråværet:

	Samla fråvær		Fråvær for sjuke barn	
	tal tilsette	i %	tal tilsette	i %
Kvinner	12,0	3,6	2,4	0,2
Menn	2,0	6,3	0,0	0,0
I alt	14,0	4,6	2,4	0,2

Samla sjukefråvær for dette området er 4,6 % t.o.m. august måned.

Hovudansvar 2 – oppvekstutvalet

	Regnskap 2 tertial 2014	Buds(end) 2014	%- forbruk
Grp. Ansvar: 2 Oppvekstutvalet			
10 Lønn og sosiale utgifter	67 220 036,00	102 707 000	65,5
11 Driftsutgifter	10 541 814,00	16 068 000	65,6
13 Kjøp av kommunale tenester	13 144 157,00	16 350 000	80,4
14 Overføringer	2 171 133,00	3 568 000	60,9
15 Finansieringsutgifter	56,00	20 000	0,3
Sum utgifter	93 077 196,00	138 713 000	67,1
16 Salsinntekter	-4 281 320,00	-6 402 000	66,9
17 Refusjonar	-10 635 917,00	-15 624 000	68,1
18 Overføringer	-2 000,00	0	0,0
19 Finansieringsinntekter	0,00	-1 379 000	0,0
Sum inntekter	-14 919 237,00	-23 405 000	63,7
Sum ansvar: 2 Oppvekstutvalet	78 157 959,00	115 308 000	67,8

Leiarar og tilsette i sektoren arbeider godt og samvitsfullt, også med økonomien. Ynskjelistene er lange, men flid og nøysemd vert praktisert. Det er likevel ei uro for at vi sparer så mykje at vi i praksis lagar større utgifter på sikt. I regelen er det rimelegare å førebyggje og ta tak i utfordringar tidleg i staden for å vone at dei går over.

På lønn leverer sektoren eit mindreforbruk i høve periodiseringa, noko som heng saman med at periodiseringa som er gjord er flat. I budsjetteringa av 2014 var det lagt opp til høgare aktivitetsnivå i hausthalvåret grunna fleire undervisningstimar i skulen og fleire born i barnehagane. Dette høgare aktivitetsnivået dreg vi med oss inn i 2015, og for 2014 medfører det at vi nok kjem til å forbruke dei budsjetterte lønnsmidlane. I tillegg til eit betre lønsoppgjær enn medrekna, ser vi ei auke i spesialundervisning og styrka tiltak i barnehagane, noko som gjer at vi truleg får eit lite overforbruk på lønn.

På gruppeart 11 og 12 (driftsutgifter) ligg sektoren om lag på budsjett og med det vi veit no ser det ut til å vere tilstrekkeleg budsjettert her. På gruppeart 13 er den store posten kjøp av barnehageplassar i dei ikkje-kommunale barnehagane. Her er det grunn til å tru at det kan gå mot eit overforbruk på kring ein million, grunna fleire born i private barnehagar enn budsjettert. Gruppeart 14 er i hovudsak utgåande moms som kjem til fråtrekk på gruppeart 17.

Med den kunnskapen vi har etter andre tertial, ser det ut som om sektoren samla sett skal nå i mål med budsjetterte salsinntekter (gruppeart 16). Gruppeart 17 inneheld hovudsakleg moms-kompensasjon (kan motreknast gruppeart 14) og sjukelønsrefusjon (kan motreknast gruppeart

10) i tillegg til refusjonar frå staten knytt til vaksenopplæringa og barnevernet (einslege mindreårige asylsøkjjarar). Vi har ingen indikasjon førebels om at budsjettet her er urealistisk. Gruppear 19 er bruk av bunde fond. Her kjem vi til å bruke ein del mindre enn budsjettet dette året, sidan Team for Tidleg Innsats ikkje kom i drift før i haust. Fondsbruken vert her avstemt mot reelt forbruk i tiltaket ved årets slutt.

Samla sett er det von om at sektoren skal kunne levere eit årsresultat om lag i balanse. Den store utfordringa er kjøp av barnehageplassar i ikkje-kommunale barnehagar der forbruket er ein del høgare enn budsjettet. Dei andre områda er førebels i tråd med budsjett, men auka sjukefråvær eller ei alvorleg barnevernssak kan medføre eit overforbruk.

Sjukefråværet:

	Samla fråvær		Fråvær for sjuke barn	
	tal tilsette	i %	tal tilsette	i %
Kvinner	93,0	6,0	19,5	0,2
Menn	7,0	1,9	0,0	0,0
I alt	100,0	5,2	19,5	0,1

Samla sjukefråvær for dette området er 5,2 % t.o.m. august månad.

Hovudansvar 3 – helse- og omsorgsutvalet

	Regnskap 2 tertial 2014	Buds(end) 2014	%- forbruk
Ansvar: 3 Helse- og omsorgsutvalet			
Lønn og sosiale utgifter	95 013 039,00	138 004 000	68,9
Driftsutgifter	9 710 376,00	16 760 000	57,9
Kjøp av kommunale tenester	7 682 983,00	7 923 000	97,0
Overføringar	3 199 029,00	7 221 000	44,3
Finansieringsutgifter	42 000,00	100 000	42,0
Sum utgifter	115 647 427,00	170 008 000	68,0
Salsinntekter	-6 509 470,00	-10 773 000	60,4
Refusjonar	-14 237 171,00	-11 271 000	126,3
Overføringar	-200 843,00	0	0,0
Finansieringsinntekter	-67 910,00	-150 000	45,3
Sum inntekter	-21 015 393,00	-22 194 000	94,7
Sum ansvar: 3 Helse- og omsorgsutvalet	94 632 033,00	147 814 000	64,0

Utgifter:

Lønn og sosiale utgifter: har eit overforbruk på ca 1 million kroner. Dette skuldast hovudsakleg nye behov for tenester til brukarar som ikkje var kjende ved budsjettarbeidet i 2013 for 2014. Det gjeld nye brukarar og endra behov i 2014. Dette er truleg varige behov og kan medfører eit ytterlegare overforbruk i 2014. Vikarutgifter og diverse tillegg har eit overforbruk i 1 og 2 tertial. Dette er normalt på grunn av ferieavvikling og helg- og høgtidstillegg.

Driftsutgifter: Det er normalt sett større utgifter på slutten av året til driftsutgifter.

Kjøp av kommunale tenester: Vi har kjøpt tenester for å dekke behov for tenester til enkeltbrukarar i sektoren. Dette er behov som ikkje var kjende ved budsjettarbeidet i 2013 for 2014.

Overføringer: Underforbruk som kan forklarast ved at utgiftene her kjem når driftutgiftene aukar.

Inntekter:

Refusjonar: Høgre inntekt her skuldast sjukelønnsrefusjonar, som ikkje vert budsjettert.

Sjukefråværet:

	Samla fråvær		Fråvær for sjuke barn	
	tal tilsette	i %	tal tilsette	i %
Kvinner	155,0	7,0	4,1	0,0
Menn	8,0	1,9	0,0	0,0
I alt	163,0	6,3	4,1	0,0

Samla sjukefråvær for dette området er 6,3 % t.o.m. august månad.

Fråværet varierer frå eining til eining. Nokre einingar har eit høgt fråvær og dreg opp summen for sektoren. Dette er administrasjonen kjend med og vi arbeider med utfordringa.

Hovudansvar 4 – teknisk og landbruksutvalet

	Regnskap 2 tertial 2014	Buds(end) 2014	%- forbruk
Ansvar: 4 Teknisk og landbruksutvalet			
Lønn og sosiale utgifter	18 593 873,00	27 332 000	68,0
Driftsutgifter	18 838 618,00	38 316 000	49,2
Kjøp av kommunale tenester	3 169 176,00	5 422 000	58,5
Overføringer	3 280 366,00	9 988 000	32,8
Finansieringsutgifter	241,00	4 715 000	0,0
Sum utgifter	43 882 275,00	85 773 000	51,2
Salsinntekter	-22 723 700,00	-44 238 000	51,4
Refusjonar	-4 933 891,00	-12 474 000	39,6
Finansieringsinntekter	-1 378 000,00	-878 000	157,0
Sum inntekter	-29 035 591,00	-57 590 000	50,4
Sum ansvar: 4 Teknisk og landbruksutvalet	14 846 684,00	28 183 000	52,7

Meirforbruket i rapporten gjeld lønn og sosiale utgifter og skriv seg frå:

- 50 % av lønnsutgiftene til anleggsgartnaren er ikkje overført frå kultursjefen sitt budsjett
- Det gjeld utbetaling til brannmannskap som ikkje er periodisert over heile året
- Auka bruk av overtid på drift av Byrkjelo reinseanlegg

Driftsutgifter: Utgifter til drift og vedlikehald av kommunale vegar og gatelys har i fleire år hatt eit budsjett mindre enn forbruk. Det er også eit større forbruk på drift av avløpsnett, men ved årsslutt vil overforbruket her dekkast inn ved bruk av avløpsfond.

Sjukefråværet:

	Samla fråvær		Fråvær for sjuke barn	
	tal tilsette	i %	tal tilsette	i %
Kvinner	10,0	2,2	0,0	0,0
Menn	2,0	0,1	0,0	0,0

I alt	12,0	0,8	0,0	0,0
-------	------	-----	-----	-----

Samla sjukefråvær for dette området er 0,8 % t.o.m. august måned.

Hovudansvar 5 – kultur- og miljøutvalet

	Regnskap 2 tertial 2014	Buds(end) 2014	%- forbruk
Grp. Ansvar: 5 Kulturutvalet			
10 Lønn og sosiale utgifter	8 488 301,00	13 257 000	64,0
11 Driftsutgifter	9 289 186,00	12 634 000	73,5
13 Kjøp av kommunale tenester	80 513,00	45 000	178,9
14 Overføringer	7 533 221,00	9 110 000	82,7
15 Finansieringsutgifter	0,00	244 000	0,0
Sum utgifter	25 391 221,00	35 290 000	72,0
16 Salsinntekter	-6 448 660,00	-13 034 000	49,5
17 Refusjonar	-2 824 540,00	-4 754 000	59,4
19 Finansieringsinntekter	-125 000,00	-125 000	100,0
Sum inntekter	-9 398 200,00	-17 913 000	52,5
Sum ansvar: 5 Kultur- og miljøutvalet	15 993 021,00	17 377 000	92,0

Kultursektoren omfattar mange tenester, og på dei fleste områda er det ikkje spesielle avvik å melde i denne rapporten. Budsjettet og rekneskapan for kino og kulturhuset er knytt til publikumsbesøk, og vil såleis alltid vere uvisse. I vår har besøket på kinoen vore mindre enn forventa.

Inntektene på den kommunale aktiviteten i idrettsdelen av Trivselshagen omfattar også symjeanlegget, og den ligg litt lavt. Dette kjem m.a. av at mange har årskort, som er kjøpt på hausten, og vi håpar sjølvstakt at flest muleg fornyar korta.

Kulturskulen og biblioteket ligg om lag der dei skal. Refusjonar og inntekter blir ført ujamt i løpet av året.

På driftssida er husleiga for lokala i Trivselshagen alt tilvist ein stor del av, noko som gjer at alle dei tenestene som omfattar dette ligg høgt no. På same måten er heile det budsjetterte beløpet på teneste 39000, den norske kyrkje (fellesrådet), tilvist, i motsetning til tidlegare år, då dei fekk dette utbetalt pr. mnd.

Elles er det viktig å vere merksam på at inntekts- og utgiftspostane på fleire tenesteområde er knytt til periodisering og refusjonar som kjem ein gong i året, og dette gjer at denne rapporten ikkje gjev eit fullgodt bilete av situasjonen.

Sjukefråværet:

	Samla fråvær		Fråvær for sjuke barn	
	tal	i %	tal	i %
Kvinner	5,0	1,4	2,0	0,2
Menn	1,0	0,9	0,0	0,0
I alt	6,0	1,3	2,0	0,1

Samla sjukefråvær for dette området er 1,3 % t.o.m. august måned.

Samla sett er sjukefråværet i kommunen t.o.m. august i år 5,1 %. Til samanlikning var sjukefråværet i heile 2013 4,0 %, så vi ligg altså litt høgare. Kommunen si målsetning når det gjeld sjukefråværet er 5 %, altså eit «nærvær» på 95 %. Vi ligg med andre ord om lag på målsettinga.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret tek rapporten til orientering.

21.10.2014 KULTUR- OG MILJØUTVALET

063/14 VEDTAK:

Kultur- og miljøutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

21.10.2014 OPPVEKSTUTVALET

020/14 VEDTAK:

Oppvekstutvalet tar tertialrapporten til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

21.10.2014 TEKNISK OG LANDBRUKSUTVALET

037/14 VEDTAK:

Teknisk og landbruksutvalet er samd i tilrådinga.

Vedtaket var samrøystes.

22.10.2014 HELSE- OG OMSORGSUTVALET

028/14 VEDTAK:

Helse- og omsorgsutvalet tar tertialrapporten til orientering.

Vedtaket var samrøystes.

23.10.2014 FORMANNSKAPET

Formannskapet etterlyste

- ein noko betre omtale av sektorane
- ei oversikt over utviklinga av sjukefråværet

og stilte spørsmål om oppfølginga av økonomiplanen på formannskapet sitt ansvarsområde.

106/14 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

03.11.2014 KOMMUNESTYRET

069/14 VEDTAK:

Kommunestyret tek rapporten til orientering.

Vedtaket var samrøystes.



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	23.10.2014	107/14
Kommunestyret	03.11.2014	071/14

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Odd Arne Kolseth/Jan Kåre Fure	Arkiv: 61	14/200-5

Rapport frå forvaltningsrevisjon: Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
225526 Forvaltningrevisjonsrapport - vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen

Bakgrunn for saka:

Dette er ei sak frå kontrollutvalet, som i sak 11/14 har gjort slikt vedtak:

Kommunestyret viser til revisjonsrapporten, Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, datert 29.04.2014.

Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp anbefaling på side 4 i rapporten, og leggje fram ein status for dette arbeidet til kontrollutvalet innan 5.3.2015. I denne vurderinga kan ein spesielt sjå på om disposisjonsfondet kan erstatte vedlikehaldsfond i kulepunkt 5 i anbefalinga.

Saksutgreiing:

På bakgrunn i «Plan for forvaltningsrevisjon» for perioden 2012 – 2015, tinga kontrollutvalet prosjektet «Vedlikehald av kommunale eigedomsmasse i Gloppen kommune». Kommunerevisjonen har utifrå bestillinga, lagt fram rapporten som er basert på faktisk praksis som eigedomsavdelinga jobbar utifrå, oppimot kjende kriterium som er rekna for å vere ein god praksis. Kommunerevisjonen har bygt rapporten på innrapporterte tal frå KOSTRA, spørjeundersøkingar blant dei tilsette i avdelinga og informasjon frå brukarane av bygga våre.

Administrasjonen i Gloppen kommune fekk rapporten til uttale og gav sine merknader, kommentarane ligg i rapporten under kapittel 9.1.

Kort sagt viser rapporten at eigedomsavdelinga gjer ein god jobb i det daglege arbeidet med å ivareta den kommunale bygningsmasse. Brukarane av bygga våre er stort sett fornøgde, og rapporteringa til politikarane har vorte bra. Vi har vore heldige å fått eit driftsbudsjett kvart år som har gjort oss i stand til å ta det daglege vedlikehaldet, samstundes som vi har fått teke igjen mykje forsømt vedlikehald.

Det som er mangelfult, og som denne rapporten stadfestar, er den manglande overordna og langsiktige planlegginga av vedlikehaldet av dei kommunale bygga.

I 2014-budsjettet er det sett av 600.000 kroner for å utarbeide ein vedlikehaldsplan for kommunen sine bygg. Vi er ikkje komen i gang med dette, kort og godt fordi vi ikkje har hatt kapasitet til å gjere arbeidet.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen som ein direkte følge av revisjonsrapporten.

Rådmannen si vurdering:

Som skrive ovanfor, stadfestar rapporten det vi alt veit om manglande overordna og langsiktig planlegging av kommunen sitt vedlikehaldsarbeid.

Rådmannen ser i dag ikkje noko snarleg løysing på akkurat dette. For å bruke dei avsette midlane på ein fornuftig måte, er det avgjerande at dei som lagar planen kjenner kommunen og korleis vi arbeider med våre bygg. Vi må med andre ord gjere denne planjobben sjølv. Eg ser ikkje at vi har kapasitet til dette med det aktivitetsnivået vi no har i eigedomsavdelinga.

Eigedomsavdelinga er ei «ny» avdeling som er bygt opp frå grunnen av. Sjølv om avdelinga på mange måtar har vore ein stor suksess, er det framleis mykje som ikkje er på plass. T.d. har vi ikkje gode nok rutinar på budsjettering og rapportering på byggeprosjekta våre.

Rådmannen skal sjølvsagt så langt det er råd å få til følge opp tilrådingane i revisjonsrapporten, og legge fram status slik kontrollutvalet tilrår. Eg ber likevel kommunestyret vere klar over at teknisk sektor – som eigedomsavdelinga er ein del av – har vore gjennom store omveltingar siste åra. Dette har i liten grad gått utover den daglege drifta, og igangsette prosjekt, men vi har ikkje hatt mannskap og tid til slikt planarbeid som rapporten til revisjonen etterlyser. Eg ser ikkje for meg at 2015 vil bli noko betre. Utbygginga av Gloppen ungdomsskule vil ta all kapasitet som ikkje går på dagleg drift.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING:

Kommunestyret viser til revisjonsrapporten, Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, datert 29.04.2014.

Kommunestyret ber administrasjonen følge opp anbefaling på side 4 i rapporten, og leggje fram ein status for dette arbeidet til kontrollutvalet innan 5.3.2015. I denne vurderinga kan ein spesielt sjå på om disposisjonsfondet kan erstatte vedlikehaldsfond i kulepunkt 5 i anbefalinga.

23.10.2014 FORMANNSKAPET

107/14 VEDTAK:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes innstilt.

03.11.2014 KOMMUNESTYRET

071/14 VEDTAK:

Kommunestyret viser til revisjonsrapporten, Vedlikehold av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, datert 29.04.2014.

Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp anbefaling på side 4 i rapporten, og leggje fram ein status for dette arbeidet til kontrollutvalet innan 5.3.2015. I denne vurderinga kan ein spesielt sjå på om disposisjonsfondet kan erstatte vedlikehaldsfond i kulepunkt 5 i anbefalinga.

Vedtaket var samrøystes.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 26.11.2014	Saksnr 025/14
------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-481	Arkivsaknr.: 14/92
-------------------------------------------------	-------------------------	------------------------------

Opplæring i bruk av nettbrett for kontrollutvalet

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
14.11.2014	E-post frå Gloppen kommune til kontrollutvalet - Ipad	855
21.08.2014	E-post frå SEKOM-sekretariat til Gloppen kommune om vedtak i sak 020/14 Vurdere bruk og innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet	320

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet har fått utlevert nettbrett og opplæring er gjennomført.

Saksutgreiing:

I kontrollutvalsmøte 20.8.2014 i sak 020/14 Vurdere bruk og innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet, vart det gjort følgjande vedtak:
Kontrollutvalet ber om at det vert kjøpt inn nettbrett til kontrollutvalet, og at Gloppen kommune gir nødvendig opplæring.

Administrasjonen i Gloppen kommune har i e-post datert 21.8.2014 blitt informert om at kontrollutvalet ynskjer opplæring i møte 26. november.

Gloppen kommune sende e-post til kontrollutvalet 11. november, med melding om at nettbretta var klare for henting.

Sekretariatet har sender pdf-fil med innkalling og saksdokument til Gloppen kommune, som legg den ut på møteportalen til kontrollutvalsmedlemene. Varamedlemar har ikkje tilgang til nettbrett, og må få saksdokumenta i papirformat pr post.

Fra: Siv Kvalsvik Haugen <Siv.Haugen@gloppen.kommune.no>
Sendt: 11. november 2014 13:55
Til: 'hans.os@enivest.net'; 'Bjarne Bø'; 'irene@gloppenhotell.no';
'tonelise71@hotmail.com'; 'shhovstad@online.no'
Kopi: Theo Mekke; Geir Liavåg Strand; Audhild Ragni Vie Alme
Emne: Kontrollutvalet - Ipad

Hei

Ipad til Kontrollutvalet er klar til henting hos Servicetorget på heradshuset, og det er fint om de kan komme innom for å hente den så snart de har høve. Ipad er lett å bruke, og det vil truleg ikkje vere behov for så mykje opplæring sett i forhold til at den skal nyttast til å hente ut sakspapir som de pleier, frå nettsida til Sekom.

De må sjølve installere ein eigen/personleg apple-id på desse, har du Apple Id frå tidlegare kan du nytte denne, elles må du lage deg ein ny. Dette gjer de enkelt sjølve, og difor er det ein fordel å hente bretta snarast råd, slik at de kan komme i gang med å bruke dei.

Både underteikna, Geir og Theo i Servicetorget kan vere til hjelp, så det er berre å kome innom om de treng hjelp, vi kan også gje dykk ei rask innføring når de hentar bretta hos oss.

Med vennleg helsing

Siv Kvalsvik Haugen
Servicetorget Gloppen kommune
Tlf: 57883800



Fra: Audhild Ragni Vie Alme
Sendt:
Til:
Kopi:
Emne: Vedtak i sak 020/14 Vurdere bruk og innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet

Fra: Audhild Ragni Vie Alme
Sendt: 21. august 2014 13:30
Til: 'Gloppen kommune (post@gloppen.kommune.no)'
Kopi: 'jan.kare.fure@gloppen.kommune.no'; 'Bø Bjarne (bjarne.bo@eninvest.net)'
Emne: Vedtak i sak 020/14 Vurdere bruk og innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet

Hei,

Viser til møte i kontrollutvalet i Gloppen 20.8.2014, der dei gjorde fylgjande vedtak i sak 020/14 Vurdere bruk og innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet:

Kontrollutvalet ber om at det vert kjøpt inn nettbrett til kontrollutvalet, og at Gloppen kommune gir nødvendig opplæring.

Håpar at de kan ha klar nettbretta til neste møte i kontrollutvalet **26. november**, slik at de kan gje opplæring i dette møtet. Vi set av inntil 1 time i starten av møtet til opplæring og spørsmål (møtet startar kl 9:30). Fint om de gir oss ei tilbakemelding dersom dette ikkje let seg gjere.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 97170064

Tlf jobb: 57612785

E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>

Hafstadvegen 42,Pb 338,6802 Førde

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 26.11.2014	Saksnr 026/14
------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-216	Arkivsaknr.: 14/314
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

Orientering om rekneskapsrevisjon for 2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek orienteringa frå Kommunerevisjonen i Nordfjord om rekneskapsrevisjonen for 2014 til vitande.

.

Saksutgreiing:

I kontrollutvalssak 019/10 Kontrollutvalsarbeid – tiltak, som står på oppfølgingslista, er eit av punkta i vedtaket som følgjer:

Kontrollutvalet ber Nordfjord kommunerevisjon om å orientere om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjon ein til to gonger i året. Vidare vil kontrollutvalet be Nordfjord kommunerevisjon om ei generell orientering om revisjonsarbeidet.

Etter § 6 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar skal kontrollutvalet sjå til at årsrekneskapen vert revidert på ein betryggande måte. **Under dette halde seg orientert om revisjonsarbeidet** og sjå til at dette føregår i samsvar med dei vedtekter som følgjer av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sin instruks eller avtale med revisor.

SEKOM-sekretariat har i den samanheng førespurt Kommunerevisjonen i Nordfjord om dei har høve til å orientering om status i revisjonsarbeidet kring finansrevisjonen på møte 26. november. Revisjonssjef Markvard Sunde har pr. tlf. 17.11.2014 sagt frå om at dei kan orientere om rekneskapsrevisjonen for 2014 i dette møtet.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 26.11.2014	Saksnr 027/14
------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/91
-------------------------------------------------	-------------------------	------------------------------

Arbeidsmåte og innhald for overordna analyse

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
13.11.2014	Svarbrev frå Kommunerevisjonen i Nordfjord - Overordna analyse for Gloppen	838
13.11.2014	Notat frå Kommunerevisjonen i Nordfjord om arbeidet med utarbeiding av overordna analyse 2012.doc	839

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret / Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet ser det som viktig at Kommunerevisjonen i Nordfjord set i gang arbeidet med overordna analyse tidleg i 2015, for å kunne dra nytte av erfaringar frå noverande politikarar og få deira innspel til aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Saksutgreiing:

Kontrollutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 017/14 Gjennomgang av overordna analyse for Gloppen kommune 2011-2015:

Kontrollutvalet ber om at kommunerevisjonen kjem med eit framlegg til ny arbeidsmåte og innhald for overordna analyse til neste møte 26. november.

Kommunerevisjonen har sendt e-post datert 12.11.2014, vedlagt notat om arbeidet med utarbeiding av overordna analyse. Revisor skisserer måtar til korleis arbeidet med overordna analyse kan leggest opp, og stiller spørsmål til om arbeidet kan gjerast med mindre ressursinnsats. Det vert også påpeika at det er viktig å komme gang med dette arbeidet tidleg i 2015, for å få dialog med sitjande politikarar om innspel til aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Fra: Markvard Sunde <markvard.sunde@stryn.kommune.no>
Sendt: 12. november 2014 11:51
Til: Audhild Ragni Vie Alme
Kopi: Gunnar Ryste
Emne: SV: Overordna analyse for Gloppen
Vedlegg: TIL OPPFØLGING.doc

Hei!

De skriv «**Kontrollutvalet ber om at kommunerevisjonen kjem med eit framlegg til ny arbeidsmåte og innhald for overordna analyse til neste møte 26. november.**»

Etter at vi var ferdige med overordna analyse sist, stilte vi oss spørsmålet; kan dette arbeidet gjerast med mindre ressursinnsats? I kontrollutvalsmøter vart det stilt spørsmål om spørjeundersøking er føremålstenleg i denne samanheng? Det vart også stilt spørsmål om det er rett å spørje nyvalde politikarar om kva som er ønskjeleg å sjå på i ein forvaltningsrevisjon?

Elles har vi fått spørsmål frå sekretariatsleiaren i Vest Kontroll, om det kan vere aktuelt å drøfte med dei (Vest Kontroll og Søre Sunnmøre kommunerevisjon) om korleis legge opp arbeidet med overordna analyse. Dei la betydeleg mindre ressursar enn vi gjorde i dette arbeidet sist. Eg har vore i kontakt med revisjonssjefen der, og vi var samde om at det kan vere interessant å sjå på eit opplegg tidleg i 2015. Sjølv om det i forskrifta står at overordna analyse skal gjennomførast i første året etter valåret, så kan det ikkje vere noko i vegen for at ein startar arbeidet allereie i valåret. Vi meiner vi må komme i gong tidleg i 2015 med sikte på å få spurt sitjande politikarar om dei har noko innspel til aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Då vi var ferdig med overordna analyse sist, skreiv eg eit kort notat. Dette har eg «oppdatert» eit par gonger, når eg har hatt opplysningar som er verdt å ta meg seg i vurderinga av korleis gjere dette arbeidet neste gong. Dette notatet legg eg ved her - til orientering.

Eg vil håpe at denne orienteringa er tilfredsstillande for kontrollutvalet i denne omgang.

Mvh

Markvard Sunde
Revisjonssjef
Tlf 57874818
KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Fra: Audhild Ragni Vie Alme [<mailto:Audhild.Ragni.Vie.Alme@sekom.no>]
Sendt: 10. november 2014 13:36
Til: Gunnar Ryste
Kopi: Markvard Sunde
Emne: SV: Overordna analyse for Gloppen

Hei, igjen Gunnar

Det same gjeld for denne saka, som eg må sende ut neste tysdag 18. november, så håpar eg kan få den litt i forkant frå deg. Ha ein fin dag ☺

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 97170064

Tlf jobb: 57612785

E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>

Hafstadvegen 42, Pb 338, 6802 Førde

Fra: Audhild Ragni Vie Alme

Sendt: 21. august 2014 10:59

Til: Gunnar Ryste

Kopi: Markvard Sunde; Arnar Helgheim

Emne: Overordna analyse for Gloppen

Hei, Gunnar

Viser til møte i kontrollutvalet i Gloppen i går der dei gjorde fylgjande vedtak i sak 017/14
Gjennomgang av overordna analyse for Gloppen kommune 2011-2015:

Kontrollutvalet ber om at kommunerevisjonen kjem med eit framlegg til ny arbeidsmåte og innhald for overordna analyse til neste møte 26. november.

Med helsing

Audhild Ragni Vie Alme
Rådgjevar

SEKOM-sekretariat

Mobil: +47 97170064

Tlf jobb: 57612785

E-post: arva@sekom.no <<mailto:arva@sekom.no>>

Hafstadvegen 42, Pb 338, 6802 Førde

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

NOTAT

Vår sakshandsamar:

MS

Stad og dato:

18.09.2012, 26.08.- og 19.09.2014

Notat om arbeidet med utarbeiding av overordna analyse 2012

I møtet i samstyret i går kom det fram ein del signal om kva som var bra og kva som var mindre bra i dei overordna analysane som vart framlagt frå revisjonen.

For det første vart det sagt at rapportane og presentasjonen av analysane var gode.

Når det gjeld opplegget for å få fram forslag til gode prosjekt kom det slike signal:

- Spørjeskjema er lite forpliktande og lite engasjerande
- Spørsmåla lite relevante for dei ny politikarane
- Spørsmåla blir ikkje klare nok/blir for upresise – respondenten kan legge noko anna i spørsmåla enn vi har tenkt – noko som vil kunne komme fram i ein samtale, difor:
- Intervju ville vere å føretrekke framfor skriftleg spørjeundersøking
- Kunne med fordel bedd om eit møte med formannskapet og spurt om deira syn på evt risikoar
- Revisjonen må samtale med rådmannen og andre i administrasjonen om moglege risikoar dei ser

Dersom det skal brukast spørjeskjema til politikarane, må dette brukast våren før valet med tanke på at ein mister nokre til etter valet, og dei nye har ikkje nødvendig erfaring for å gje gode svar.

Skrive om i e-post til leiaren i KU Stryn, Rune Myklebust, den 18.09.2012:

Hei, eg sa i møtet i går at vi i revisjonen vil skrive eit notat om dei erfaringane vi har gjort med overordna analyse. Eg har skrive ned det eg hugsar som var nemnt i møtet i går, og tillet meg å spørje om du vil lese gjennom vedlagde notat og gje meg ei melding tilbake, om det er noko som kan rettast på og/eller tilføyast? Eg sender dette berre til deg, då eg oppfatta det slik at du hadde dei klaraste synspunkta. Du skal ikkje legge mykje arbeid i dette, berre forsikre at det ikkje er viktige argument du ser og som eg ikkje har fått med her.

Fra: Rune Myklebust

Sendt: 24. september 2012 21:28

Til: Markvard Sunde

Emne: Re: Notat om arbeidet med overordna analyse

Hei!

Beklager seint svar.

Trur det meste er med. Er svært skeptisk til spørjeundersøking. Det er for dei fleste vanskeleg, blir lagd vekk og gjerne etter purring svart i all hast. Oppstartmøte med adm, med formannskap og med kontrollutval har eg tru på. Kanskje ressurskrevjande, men med god planlegging burde det gå. **Førebudde problemstillingar frå revisjonen - få ein time på eit formannskapsmøte, det same på eit kontrollutvalsmøte og litt nøyare med rådmann og etatsjefar.**
Rune m

26.08.2014 MS:

Vi har motteke e-post frå SEKOM der dei viser til møte i kontrollutvalet i Gloppen, sak 17/14, vedtak:

Kontrollutvalet ber om at kommunerevisjonen kjem med eit framlegg til ny arbeidsmåte og innhald for overordna analyse til neste møte 26. november.

Eg har i dag sett litt på «veileder i overordnet analyse» utarbeidd av ei arbeidsgruppe etter oppdrag frå styret i Norges Kommunerevisorforbund, jf «publikasjoner» frå NKRF. Der er m.a. omhandla COSO-rammeverket og SWOT-analyse **som vi må sjå nærare på.**

19.09.2014 MS:

Notert etter å ha delteke i samling for kontrollutvala i Stryn og Hornindal, den 19.09.2014 (i Stryn Torg), der Knut Henning Grepstad gjekk gjennom §77 i kommunelova om kontrollutval.

C:\SEKOM\Gloppen\GLO - 26.11.2014\0015 - 027_14 vedlegg - 839_1_P.doc

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

Eg noterte:

- Grepstad opna med å spørje kva som er arbeidsoppgåvene til KU – og konkluderte etter å ha fått, etter oppmoding, litt ymse svar frå alle deltakarane – at ledetråd for alt arbeid i alle kommunale organ er formålsparagrafen i kommunelova;

§ 1. Lovens formål.

Formålet med denne lov er å legge forholdene til rette for et funksjonsdyktig kommunalt folkestyre ... , og for en rasjonell og effektiv forvaltning av de kommunale ... fellesinteresser innenfor rammen av det nasjonale fellesskap og med sikte på en bærekraftig utvikling. Loven skal også legge til rette for en tillitskapende forvaltning som bygger på en høy etisk standard.

- utarbeide eit dokument til avtroppande kommunestyre der ein ber om eit møte om våren i valåret (ikkje i junimøtet som oftast er (fullstappa») der ein vil debattere kva kontroll- og tilsynsoppgåver dei avtroppande politikarane/representantane meiner at kommunen kan ha nytte av å få gjennomført (m.t.p. overordna analyse)
- i ei spørjeundersøking til politikarane må ein unngå å ha med politiske aspekt av noko slag
- for å få innspel til forvaltningsrevisjonsprosjekt kan ein inngangsport vere rådmannen si årsmelding
- kontrollutvalet kan ikkje arbeide med enkeltsaker (tommelfingerregel: ikkje røre saker der det er namn på personar involvert)
- KU skal først og fremst vere oppteke av system og rutinar, jf §77 nr 4, 2. avsnitt; merk!skal påse at det føres kontroll med og påse at det blir gjennomført systematiske vurderinger av

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 26.11.2014	Saksnr 028/14
------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-217	Arkivsaknr.: 14/87
-------------------------------------------------	-------------------------	------------------------------

Prosjektplan: Kommunal saksgang og dokumenthandtering - Gloppen kommune

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
17.11.2014	Prosjektplan datert 14.11.2014.pdf	859

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Prosjektplan frå Kommunerevisjonen i Nordfjord for Kommunal saksgang og dokumenthandtering – Gloppen kommune, datert 14.11.2014, vert godkjent.

Saksutgreiing:

Gloppen kontrollutval gjorde følgjande vedtak i sak 018/14 Forvaltningsrevisjon – Val og tinging av nytt prosjekt, i møte 20.8.2014:

- Kontrollutvalet tingar, Prosjektstyring i Gloppen kommune, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av Kommunerevisjonen i Nordfjord.*
 - Formålet er å få ei vurdering av prosjektstyring i Gloppen kommune, om kommunen har eit tilfredstillande system/retningslinjer for planlegging, gjennomføring og avslutting av investeringsprosjekt.*
 - Kontrollen skal avgrensast til perioden 2013 - 2014.*
 - Leveringsfrist 1. mars 2015.*
- Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte 26. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjons-prosjektet.*

Vedtaket vart sendt til Kommunerevisjonen i Nordfjord 21.8.2014. SEKOM-sekretariat mottok prosjektplan for Kommunal saksgang og dokumenthandsaming – Gloppen kommune, frå Kommunerevisjonen i Nordfjord 14.11.2014.

Revisor er kalla inn til møtet for å gå gjennom prosjektplanen.

PROSJEKTPLAN

Kommunerevisjonen i Nordfjord

Postadresse: Tonningsgata 4
6783 STRYN
Telefon: 57 87 47 00
Foretaksregisteret: NO 976 304 470

TITTEL:

Kommunal saksgang og dokumenthandtering - Gloppen kommune

OPPDRAGSGJEVAR:

Kontrollutvalet i Gloppen kommune

OPPDRAGSANSVARLEG REVISOR:

Markvard Sunde

DATO:

14.11.2014

ENDRA DATO:

PROSJEKTNR.:

2.2-02-027

UTFØRANDE REVISOR:

Gunnar Ryste

ANTALL SIDER:

5 sider

INNHALD

1. Bakgrunnsinformasjon/avgrensingar i prosjektet
2. Problemstillingar
3. Revisjonskriterium
4. Metodisk tilnærming
5. Organisering, ansvar og ubundenskap
6. Ressursbehov og tidsplan

1. Bakgrunnsinformasjon/avgrensingar i prosjektet

Prosjektplanen er utarbeidd på bakgrunn av kontrollutvalet sitt vedtak i sak 018/14, og er i tilpassa krava i Standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001), punkt 18 og 19.

I vårt arbeid med prosjektet ønskjer vi å gjere følgjande avgrensingar:

- Undersøkt periode er avgrensa til 2013 og 2014.
- Politisk utvalsstruktur er omhandla som eit virkemiddel, utan at rapporten kjem med anbefaling i dette politiske spørsmålet.
- Det er ikkje teke stilling til dei faglege vurderingane i administrasjonens saksutgreiingar.
- Undersøkinga er avgrensa til administrativ sakshandsaming til hovudutvala, formannskapet og kommunestyret.
- Dei politiske avgjerdsprosessane er ikkje behandla.

2. Problemstillingar

Kontrollutvalet si tinging legg til grunn at revisjonsrapporten skal behandle følgjande problemstilling:

«Tek den administrative sakshandsaminga i tilstrekkeleg grad vare på den politiske styringa?»

I dette prosjektet ønskjer vi å vurdere kvaliteten på saksutgreiingsprosessen og det avgjerdsgrunnlaget som administrasjonen legg fram for politikarane. Vi har stilt opp følgjande premiss som må vere til stades for at den politiske styringa gjennom vedtak skal vere reell:

- *Alle dokument i saka må vere journalført og tilgjengeleg for innsyn/etterprøving.*
- *Det politiske vedtaksorganet må kunne bygge si avgjerd på eit forsvarleg faktisk grunnlag (saksframlegg).*
- *Administrasjonen må ha tilstrekkeleg sakshandsamingskapasitet for å sikre forsvarleg saksutgreiing.*
- *Administrasjonen må gi politikarane tilgang til sakskart og saksframlegg i høveleg tid før realitetsbehandling for å legge til rette for gode politiske avgjerdsprosessar.*
- *Alle saker som ikkje er delegert til rådmannen skal handsamast politisk.*

Ut frå dette legg vi følgjande problemstillingar til grunn for vår undersøking:

- 1) Har kommunen system som sikrar at alle E-postdokument, inngåande og utgåande, som er gjenstand for sakshandsaming og har verdi som dokumentasjon, vert journalført?
- 2) Er kvaliteten på saksutgreiinga tilfredsstillande som politisk avgjerdsgrunnlag?
- 3) Har kommunen tilstrekkeleg sakshandsamingskapasitet?
- 4) Vert sakliste og saksframlegg gjort tilgjengeleg for politikarane i høveleg tid før møte (innan den fristen som er vedteken)?
- 5) Vert alle saker som skal handsamast politisk lagt fram for politisk organ?

3. Revisjonskriterium

I standard for forvaltningsrevisjon blir revisjonskriterium definert som dei «krav, normer og/eller standarder» som revisjonsobjektet skal vurderast opp mot.

For å kunne evaluere kvaliteten på kommunens saksutgreiingsprosess og saksframlegg, må vi identifisere målbare krav og normer som kan nyttast. Slike finn vi til dømes i nasjonalt regelverk, lovforarbeid, interne instruksar og eventuelle kvalifiserte tilrådingar i form av rettleiarar og liknande.

Problemstillingar med tilhøyrande undersøkingskriterium er vist på dei neste sidene.

Vi gjer merksam på at problemstilling nr. 3, side 4 ikkje vert vurdert opp mot eit kriterium, men er i staden basert på ei samanlikning mellom Gloppen kommune og samanliknbare kommunar i Nordfjord.

PROBLEMSTILLING 1

Har kommunen system som sikrar at alle E-postdokument, inngående og utgåande, som er gjenstand for sakshandsaming og har verdi som dokumentasjon, vert journalført?

KRITERIUM

Forskrift om offentlege arkiv § 2-6, 1. ledd:

«...I journalen skal ein registrere alle inngående og utgåande dokument som etter offentleglova § 4 må reknast som saksdokument for organet, dersom dei er gjenstand for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon. Organinterne dokument, jf. § 1-1 til § 1-3, registrerer organet i journalen så langt organet finn det tenleg. Desse organinterne dokumenta skal likevel alltid journalførast:

- a) dokument som omtalt i offentleglova § 14 andre ledd
- b) dokument som omtalt i offentleglova § 16 fyrste ledd bokstav a til d, § 16 andre ledd og § 16 tredje ledd første punktum
- c) dokument som omtalt i offentlegforskrifta § 8.»

Forskrift om offentlege arkiv § 3-2:

«Dokument som blir avsende eller mottekne via telefaks og e-post, og som etter form eller innhald må reknast som saksdokument for organet, skal arkivmessig behandlast som andre saksdokument etter denne forskrifta, jf. særleg §§ 2-6, 3-1 og 3-8.

Organ som nyttar e-post, skal ha eit sentralt e-postmottak for post til organet. E-post til det sentrale postmottaket skal opnast av arkivtenesta.»

Forskrift om offentlege arkiv § 3-1, 2. ledd:

«Personleg adressert post, dvs. brev der personnamnet er nemnt før namnet på organet, skal leverast uopne til adressaten, med mindre organet har inngått avtale med adressaten om at arkivtenesta kan opne slik e-post. Dersom brevet viser seg å vere eit saksdokument for organet, sal det straks returnerast til arkivtenesta og behandlast som post til organet. Dette gjelder også post som er adressert til den politiske leiinga i eit organ.»

PROBLEMSTILLING 2

Er kvaliteten på saksutgreiinga tilfredsstillande som politisk avgjerdsgrunnlag?

KRITERIUM

Kommunelova § 23.2, siste setning:

«Administrasjonssjefen skal påse at de saker som legges fram for folkevalgte organer, er forsvarlig utredet...»

Ot.prp.nr. 42 (1991-92):

«Administrasjonssjefen skal føre tilsyn med kommunens/fylkeskommunens forvaltning og økonomi. Det administrative ledelsesansvar er imidlertid ikke begrenset til disse kontrollerende funksjoner, men det er tale om et helhetlig sjefsansvar for forsvarlig saksforberedelse og administrasjon.»

Prinsippfråsegn (18.03.2014) frå KMD - forvaltningslova § 17:

«...pålegger ethvert "forvaltningsorgan" å påse at "saken er så godt opplyst som mulig før vedtak". Paragraf 17 står i kapittelet som kun gjelder for enkeltvedtak, men det er lite tvilsomt at den gir uttrykk for et generelt prinsipp om krav om forsvarlig saksbehandling forut for avgjørelser truffet av forvaltningsorgan, herunder kommunestyret.»

Bernt og Overå 2006 s. 170

«Administrasjonssjefen – eller den som legger saken fram på hans eller hennes vegne – vil imidlertid ha plikt til å gjøre oppmerksom på eventuelle svakheter og ufullstendigheter i saksforelegget, slik at de folkevalgte kan ta hensyn til dette.»

PROBLEMSTILLING 3

Har kommunen tilstrekkeleg sakshandsamingskapasitet?

DESKRIPTIV UNDERSØKING

Det ligg ikkje føre normer for akseptabel sakshandsamingskapasitet. Tal på utvalssaker per sakshandsamar kan gje ein viss indikasjon dersom dette nøkkeltalet vert samanlikna med andre kommunar. Det kunne også vere interessant å sjå nærmare på utviklinga i dette nøkkeltalet over tid. Vi vurderer likevel dette nøkkeltalet til å vere for lite robust sidan dei utgreidde sakene per sakshandsamar kan variere mykje når det gjeld kompleksitet. Utreiing av saker til politisk organ ville dessutan måtte sjåast i samheng med talet på administrative saker som er delegert til den aktuelle sektoren.

Vi har derfor valt å nytte følgjande tilnærming når det gjeld denne problemstillinga:

Talet på sakshandsamarar i administrasjonen i Gloppen kommune samanliknast med tal sakshandsamarar i samanliknbare kommunar i Nordfjord.

PROBLEMSTILLING 4

Vert sakliste gjort tilgjengeleg for politikarane innan den fristen som er vedteken?

KRITERIUM

Kommunelova § 32 nr. 2, 2. setning:

«Lederen av folkevalgt organ setter opp sakliste for det enkelte møte. Innkalling til møtet skal sendes organets medlemmer med høvelig varsel, og skal inneholde en oversikt over de saker som skal behandles.»

Ot.prp. nr. 42 (1991-92), side 284:

«Varselet må avpasses etter organet, saksmengden m.v., og slik at organets medlemmer har fått innkallingen og en viss mulighet for å sette seg inn i sakene før møtet. Av den grunn vil det vanligvis være tilstrekkelig at medlemmene får innkallingen 4-5 dager før møtet.»

Kommunelova: § 34 nr. 1, 1. setning

«Folkevalgt organ kan med alminnelig flertall vedta å utsette realitetsbehandlingen av en sak på den utsendte saklisten.»

PROBLEMSTILLING 5

Vert alle saker som skal handsamast politisk lagt fram for politisk organ?

KRITERIUM

Kommunelova § 6:

Kommunestyret er det øvste kommunale organ og gjer vedtak på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.

Kommuneloven § 23-4:

Kommunalt og fylkeskommunalt folkevalgt organ kan gi administrasjonssjefen myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning, hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

Kommunelova § 76:

Kommunestyret kan ved fleirtalsvedtak forlange alle saker lagt fram for seg til orientering eller avgjerd.

4. Metodisk tilnærming

- Innsamling av informasjon frå arkivansvarleg og saksbehandlarar
- Dokumentanalyse og vedtaksgjennomgang
- Benchmarking av sakshandsamingskapasitet i Nordfjordkommunane

5. Organisering, ansvar og ubundenskap

I følge § 6 i forskrift om revisjon skal revisjonseininga utpeike ein fagleg ansvarleg for kvart oppdrag. I Kommunerevisjonen i Nordfjord er revisjonssjefen organisasjonsmessig tillagt det faglege ansvaret for forvaltningsrevisjon generelt, slik at det ikkje er behov for å vurdere dette frå prosjekt til prosjekt.

Det ligg ikkje føre tilhøve som kan bidra til å verke inn på revisors ubundenskap eller objektivitet i gjennomføringa av prosjektet.

6. Ressursbehov og tidsplan

Kommunerevisjonen tek sikte på å legge fram rapporten for kontrollutvalet i løpet av januar 2015. Prosjektet vert utført av revisor Gunnar Ryste.

Dato: 14.11.2014

Markvard Sunde
Revisjonssjef


Gunnar Ryste
Revisjonskonsulent

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 26.11.2014	Saksnr 029/14
------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-040	Arkivsaknr.: 14/185
-------------------------------------------------	-------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 4-2014

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følge opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10	Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september.
018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet	02.12.2010 03.12.2010 13.12.2010 11.6.2012 23.8.2012 24.8.2012	Tilråding til kommunestyret Saka sendt Gloppen kommune. Vedtak kommunestyre sak 057/10: - <i>Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.</i> - <i>Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.</i> I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektuert. Det har vore følgjande vidare handsamingar i sak: Sak 025/12 Kallar inn rådmannen for orientering om status Brev.

	30.11.2012	Sak 032/12 Orientering, Rådmannen vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøte i desember.
03/14 Møteplan 2014 for kontrollutvalet i Gloppen.	5.2.2014	Vedtak: Møteplan for kontrollutvalet i Gloppen for 2014 vert godkjent med følgjande vidare datoar: 23. april, 5. juni, 20. august og 26.november.
05/14 Orientering om arbeidet med økonomireglement i Gloppen kommune.	5.2.2014 23.8.2012 30.11.2012	Vedtak: Kontrollutvalet tek orienteringa om arbeidet med økonomireglement til vitande. Det har vore følgjande tidlegare handsamingar i saka: Sak 025/12 Kallar inn rådmannen for orientering om status Sak 032/12 Orientering, Administrasjonen jobbar med økonomireglementet.
Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune .	29.5.2013 22.8.2013 5.6.2014 6.6.2014 3.11.2014	Sak 013/13 endra prosjekt i forhold til plan Sak 018/13 tinging Sak 11/14 kontrollutvalet si tilråding til kommunestyret: Kommunestyret viser til revisjonsrapporten, Vedlikehald av kommunal eigedomsmasse i Gloppen kommune, datert 29.04.2014. Kommunestyret ber administrasjonen følgje opp anbefaling på side 4 i rapporten, og leggje fram ein status for dette arbeidet til kontrollutvalet innan 15.3.2015. I denne vurderinga kan ein spesielt sjå på om disposisjonsfondet kan erstatte vedlikehaldsfond i kulepunkt 5 i anbefalingar. Sendt Gloppen kommune Sak 071/14 handsama i kommunestyret.
015/14 Godkjenning av innkalling og sakliste	20.8.2014	Kontrollutvalet ynskjer at SEKOM-sekretariat melder frå tidlegare på e-post om møta, og medlemene må då melde raskt tilbake, slik at vara kan få høve til å møte.
017/14 Gjennomgang av overordna analyse for Gloppen kommune 2011-2015	20.8.2014 21.8.2014 12.11.2014	Vedtak: Kontrollutvalet ber om at kommunerevisjonen kjem med eit framlegg til ny arbeidsmåte og innhald for overordna analyse til neste møte 26. november. Sendt til kommunerevisjonen i Nordfjord. Svar frå revisjonen
Forvaltningsrevisjon – Kommunal saksgang og dokumenthandtering.	20.8.2014 21.8.2014 14.11.2014	Sak 018/14 vedtak: <ol style="list-style-type: none"> 1. Kontrollutvalet tingar, Kommunale saksgangsrutinar, som neste forvaltningsrevisjonsrapport av Kommunerevisjonen i Nordfjord. <ul style="list-style-type: none"> • Formålet er å vurdere om Gloppen kommune har ei sakshandsaming som ivaretar den politiske styringa i kommunen, med fokus på saksgang mellom administrasjon og politiske organ. • Problemstillingar: sakshandsamingskapasitet, kvalitet på sakstilfang og overhalding av tidsfristar. • Leveringsfrist 1. mars 2015. 2. Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte 26. november 2014, for å gje tilbakemelding på tinginga, og legge fram plan for forvaltningsrevisjonsprosjektet. Sendt til kommunerevisjonen i Nordfjord. Fått plan frå revisjonen.
019/14 Orientering om rutinar for avslutning av investeringsprosjekt, og framdrift i arbeidet med økonomireglementet	20.8.2014 21.8.2014	Vedtak: Kontrollutvalet har ikkje merknader til orienteringa frå rådmannen. Økonomireglementet skal vere klart til 1. mars 2015. Sendt til Gloppen kommune/rådmannen.

020/14 Vurdere bruk og innkjøp av nettbrett til kontrollutvalet	20.8.2014	Vedtak: Kontrollutvalet ber om at det vert kjøpt inn nettbrett til kontrollutvalet, og at Gloppen kommune gir nødvendig opplæring.
	21.8.2014	Sendt til Gloppen kommune/rådmannen.
	11.4.2014	E-post frå Gloppen kommune til kontrollutvalet om at nettbretta var klare til henting,

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gloppen kontrollutval	Møtedato 26.11.2014	Saksnr 030/14
------------------------------------------	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Audhild Ragni Vie Alme	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 14/317
-------------------------------------------------	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).